



STORTINGET

Innst. 171 S

(2019–2020)

Innstilling til Stortinget
fra familie- og kulturkomiteen

Meld. St. 25 (2018–2019)

Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om Framtidas forbrukar – grøn, smart og digital

Til Stortinget

1. Innledning

1.1 Sammendrag

Forbrukarpolitikken skal hjelpe til med å styrkje forbrukarane si stilling som den svakare parten i marknaden. I marknaden står forbrukaren som oftast overfor ein profesjonell, kommersiell aktør som har betre informasjon og kunnskap om produktet, avtalevilkår, prissetjing og andre marknadstilhøve. Eitt av hovudføremåla med forbrukarpolitikken er å vege opp for denne ubalansen. Ein godt fungerande marknad for forbrukarane får vi mellom anna ved å:

- gi forbrukarane gode rammevilkår og rettar
- sikre at forbrukarane sine rettar blir handheva
- gi forbrukarane tilgang på informasjon og hjelpemiddel til å gjere gode val
- sikre trygge produkt som ikkje er til skade for helse og miljø
- leggje til rette for god og effektiv løysing av forbrukartvistar.

Ein inkluderande forbrukarpolitikk tek også høgde for at forbrukarane av ulike årsaker kan vere sårbare og ha utfordringar med å mestre forbrukarrolla.

Forbrukarpolitikken har samstundes ein normativ dimensjon. Dette handlar om å støtte opp om forbruk som kan vere positivt for samfunnet.

Forbrukarpolitikken er sektorovergripande. Dette inneber at ansvaret for politikkområde og verkemiddel som har innverknad på forbrukarane, er fordelt på fleire departement og offentlege organ.

Det er 20 år sidan den førre stortingsmeldinga om forbrukarpolitikk blei lagd fram. Sidan den gong har det skjedd store endringar i samfunnet, og forbrukarrolla har også endra seg. Regjeringa byggjer forbrukarpolitikken sin på at gode forbrukarrettar er avgjerande for ein tillitsbasert marknadsøkonomi. Regjeringa sitt hovudmål i forbrukarpolitikken er derfor å styrkje forbrukarane si stilling på område der det er særlege utfordringar. Regjeringa ønskjer med denne meldinga å leggje ramme for ein framtidsretta forbrukarpolitikk der ein tek vare på kunnskapen, rettane og interessene til forbrukarane i den digitale kvardagen.

Regjeringa ønskjer å løfte forbrukarpolitikken og føreslå tiltak som kan styrkje forbrukarane si stilling på område med særlege utfordringar. Regjeringa legg særleg vekt på å styrkje rettane og personvernet til forbrukarane i den digitale økonomien, i tillegg til å styrkje kunnskapen, interessene og rettane til forbrukarane knytt til berekraftig forbruk, marknadsføring, bustadhandel, gjeld og kreditt.

1.2 Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Trond Giske, Odd Omland og Anette Trettebergstuen, fra Høyre, Monica Carmen Gåsvatn, lederen Kristin Ørmen Johnsen og Vetle Langedahl fra Fremskrittspartiet, Himanshu Gulati og Silje Hjemdal, fra Senterpartiet, Åslaug Sem-Jacobsen, fra Sosialistisk Venstreparti, Freddy André Øvstegård, fra Venstre, Carl-Erik Grimstad,

og fra Kristelig Folkeparti, Jorunn Gleditsch Lossius, viser til Meld. St. 25 (2018–2019) Framtidas forbrukar – grøn, smart og digital, som har som mål å legge rammer for en fremtidsretta forbrukerpolitikk. Meldingen diskuterer tiltak som skal styrke forbrukernes stilling på områder med særlige utfordringer, og vektlegger blant annet rettigheter og personvernet til forbrukerne i den digitale økonomien.

Komiteen viser til at det er 20 år siden forrige stortingsmelding om forbrukerpolitikk, og mye har skjedd siden den gang. Komiteen er derfor glad for at regjeringen har lagt frem meldingen, og merker seg at meldingen drøfter temaer som digital hverdag, gjeld og kreditt, boligmarkedet, bærekraftig forbruk, dagligvarebransjen, forbrukerutfordringer med arbeidslivskriminalitet, forbrukerapparatet og medvirkning til en felles europeisk forbrukerpolitikk.

Komiteen avholdt muntlig høring 5. november 2019, og det har kommet gode og konstruktive innspill fra ulike høringsinstanser.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti registrerer at forbrukermeldingen i stor grad legger opp til at ansvaret legges over på markedet og forbrukerne. Dette innebærer en svekkelse av forbrukerpolitikken i en tid da forbrukerne har et komplisert og uoversiktlig marked å forholde seg til.

Disse medlemmer viser til at en framtidretta forbrukerpolitikk må ha et gjennomgående og overordna bærekraftsperspektiv, styrke forbrukermakten og forbrukernes rettssikkerhet, bidra til å utjevne forskjeller og styrke et arbeidsliv som bygger opp under etisk og ansvarlig produksjon og leverandørledd, slik utredningen fra Etikkinformasjonsutvalget «Åpenhet om leverandørkjeder» drøfter i sitt forslag til lov, høsten 2019.

Forbrukernes makt og påvirkning må styrkes gjennom strengere regulering, og markedet må ta et større ansvar for å operere innenfor gjeldende lovverk og bidra til bærekraftig produksjon, distribusjon og forbruk. Forbrukerpolitikken må skape og bidra til å lage forutsigbare rammer slik at de store næringene i Norge kan gå foran i utvikling av bærekraftig produksjon, distribusjon og bruk. For eksempel gjennom å utvikle mer klimavennlig oljevirksomhet, anleggsbransje, transport, fiskeri, havbruksnæring og jordbruk i Norge. Mange norske bedrifter er verdensledende innenfor klima- og miljøvennlig produksjon og næringsvirksomhet. Politikken må bidra til å trygge arbeidsplasser samtidig som bransjene omstiller seg til en grønnere, mer miljøvennlig og mer bærekraftig produksjon. Gjennom globalt, europeisk og nordisk samarbeid bør Norge ha ambisjoner om å være i tet for en slik utvikling.

Disse medlemmer mener det er viktig at forbrukernes rettigheter og personvernet styrkes i vår digi-

tale tidsalder, der kommersielle aktører lett kan samle personopplysninger og oversikt over folks forbruksmønstre for å tjene ytterligere på målrettet markedsføring, slik Forbrukerrådet har vist i sin rapport «Out of Control» fra 2020. Forbrukerpolitikken må trygge forbrukerne mot ulovlig markedsføring og salg, og det må utvikles et regelverk som sikrer tilrettelegging og omstilling til sirkulær økonomi.

For å kunne utøve forbrukermakt må informasjon om varene og tjenestene vi kjøper, være lett tilgjengelig for alle. Forståelse av den digitale hverdag er skjevt fordelt i befolkningen, og de økonomiske forskjeller er økende. Dette kan føre til et økende digitalt utenforskap. Kunnskap må sikre at forbrukere får økt bevissthet og kompetanse, slik at de kan ta gode valg som tjener miljøet og fremmer arbeidstakers rettigheter og andre viktige menneskerettigheter.

Forbrukerpolitikken må være tilpasset enkeltmenneskers møte med den digitale virkelighet, et globalt, internasjonalt marked og økonomi. Etter disse medlemmers mening skal en god forbrukerpolitikk skjerme barn og unge fra ulovlig og skadelig markedsføring og støtte opp under tiltak som fremmer likestilling. Dette forutsetter at forbrukerrettighetene også er godt ivarettet.

I dag skjer forbruket i økende grad digitalt. I tillegg viskes gradvis de tradisjonelle skillene mellom varer og tjenester ut. Disse medlemmer mener meldingen ikke drøfter disse problemstillingene bredt og grundig nok. Forbrukerrollen er i endring, noe forbrukerpolitikken også må ta hensyn til.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at regjeringens privatiseringspolitikk gir kommersielle aktører tilgang til markeder som tidligere var forbeholdt det offentlige, noe som bidrar til å demontere velferdsstaten. I tillegg gjør det det enda mer krevende for forbruker å finne frem og ivareta sine rettigheter.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet registrerer at meldingen ikke tar for seg forbrukers møte med det offentlige, og offentlig sektor som vare- og tjenesteleverandør. Dette er en stor svakhet ved forbrukermeldingen. Og disse medlemmer viser samtidig til at dette var et område som var tillagt vekt i forrige forbrukermelding St.meld. nr. 40 (1998–1999).

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti understreker at forbrukerpolitikken blir stadig viktigere. Klima- og naturkrise krever en stor omstilling til et bærekraftig forbruk. Digitalisering og store globale teknologiselskaper som samler forbrukernes informasjon, gir stor makt over forbrukerne til få aktører. Forbruksmønstre endrer seg fra kjøp av varer til kjøp av

tjenester. Reklamepresset mot forbrukerne økes gjennom stadig nye flater for reklame. Ny teknologi gjør det mulig å utnytte arbeidstakere gjennom digitale løsarbeidplattformer, men også å dele varer og hjelpemidler med hverandre på en positiv måte.

Dette medlem er derfor skuffet over stortingsmeldingen om forbrukerpolitikken. Meldingen leverer ikke de nye og sterkere tiltakene i forbrukerapparatet som er nødvendig for å møte de nye utfordringene. Derfor vil dette medlem fremme en rekke forslag for å styrke forbrukerens rettigheter i møte med nye utfordringer langs følgende hovedlinjer: gjenbruk og sambruk, sterkere vern i møte med en digital hverdag og teknologigigantene, begrense reklamepresset og strengere regulering av forbrukslån- og kredittbransjen.

1.2.1 Offentlige tjenester

Komiteen registrerer at meldingen ikke drøfter brukerorientering og brukerkrav i møte med offentlig tjenesteyting. Offentlig sektor tilbyr en rekke individuelle tjenester hvor staten, kommunene eller fylkene har ansvaret for at en tjeneste blir levert til brukerne. Komiteen viser til at flere tjenester i dag blir levert av private aktører hvor det offentlige er bestiller på vegne av brukerne. Det være seg innenfor renovasjon, samferdsel, barnehager, legetjenester eller andre velferdsytelser. Brukerbetalingen har også økt på en rekke tjenester som tidligere var offentlig finansiert, slik som bompenger, byggesaksgebyrer, egenandeler ved legebesøk, m.m. Komiteen mener brukere må kunne stille krav til offentlige tjenester og varer, særlig der brukeren selv betaler for tjenesten.

Komiteen mener det er viktig at borgerne har mulighet til å gjøre seg kjent med hvilke rettigheter man har som forbruker av offentlige tjenester, og hvilke muligheter man har for å klage på en tjeneste man ikke finner tilfredsstillende, samt at man har mulighet til å ta kvalifiserte valg.

På denne bakgrunn fremmer komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Senterpartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti, følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen på egnet måte komme tilbake til Stortinget med en omtale av offentlige tjenester i et forbrukerperspektiv.»

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser til den store innbyggerundersøkelsen, som gjennomføres av Difi. Denne gir et viktig kunnskapsgrunnlag om folks vurdering av utviklingen av offentlige tjenester, og kunnskap som kan bidra til å styrke innsatsen. Disse medlemmer viser til behovet for å styrke tjenestene framover og viser i den sammenheng særskilt til Arbeiderpartiets alternative budsjett for kommunene.

2. Utviklingstrekk i forbruket

2.1 Sammendrag

2.1.1 Innleiing

I meldinga blir viktige utviklingstrekk ved forbruket i Noreg dei siste tiåra omtalte. Kunnskap om forbruk og forbrukarutfordringar skal gi eit solid grunnlag for å peike ut innsatsområde i forbrukarpolitikken.

Dei viktigaste kjeldene til kunnskap om forbruk og forbrukarutfordringar er Forbruksforskingstinstituttet SIFO, dei norske forbrukarverksemdene (Forbrukarrådet og Forbrukartilsynet), EU-kommisjonen og Statistisk sentralbyrå (SSB). SIFO samlar årleg inn store mengder data om ulike sider ved forbruket og forbrukarane sin situasjon i marknaden, mellom anna gjennom SIFO-surveyen.

Nordmenn sine forbruksutgifter har auka i takt med kjøpekrafta. Den største delen av forbruksutgiftene går til bustad- og transportrelaterte kostnader. Fordelinga av forbruksutgiftene har vore relativt stabil over tid. Dei siste tiåra har tendensen vore at ein mindre del av forbruksutgiftene går til basisvarer som mat og klede, og at ein større del går til reiser, utanlandskonsum og underhaldning. Samstundes har gjeldsbelastninga i hushalda auka kraftig dei siste tiåra.

2.1.2 Meir av forbruket skjer digitalt

Dei aller fleste nordmenn bruker i dag nettet regelmessig. Tilgangen til internett viser seg att i innbyggjarane sine forbruksvanar. Tal frå SSB viser at omsetninga til nettbutikkane aukar.

Omgrepet «tinga sitt internett» skildrar ei utvikling der gjenstandar som bilar, kjøleskåp, låsar og straumbrytarar blir kopla til internett. Tinga blir utstyrte med sensorar, og ein kan ofte styre dei gjennom smarttelefonen. Når dei daglegdagse tinga vi omgir oss med, blir «smarte» og kan kommunisere med brukarane og kvarandre, opnar det store moglegheiter for forbrukarane.

Store digitale plattformer som Amazon, Facebook, eBay, Google, Airbnb, Uber, Netflix og Spotify har på kort tid utfordra tradisjonelle forretningsmodellar og verdikjeder i bransjar som finans, musikk og film, overnatting og varehandel. Dette har ført til at forbrukarane har fått tilgang til ei rekkje nye varer og tenester.

Digitale plattformer gir forbrukarane nye moglegheiter. Dei fungerer som inngangsportar for forbrukarane til informasjon og tilgang til varer og tenester frå heile verda. Tilbydarane får på si side tilgang til ein stor kundemasse og kan tilby noko som det elles kanskje ikkje ville vore mogleg å omsetje utan ei stor digital kontaktflate mot forbrukarane.

Ein del av desse plattformene inngår i det som ofte blir omtala som «delingsøkonomien». Uber og Airbnb er kjende døme på plattformer i delingsøkonomien. I

Noreg er Finn.no og Nabobil.no døme på delingsplattformer.

Delingsøkonomiutvalet presenterte i 2017 si utgreiing om moglegheiter og utfordringar i delingsøkonomien. Utvalet understreka at framveksten av delingstenester representerte ei positiv utvikling for forbrukarane. Det fann lite empirisk bevis for utbreidde forbrukarproblem ved bruk av delingstenester.

Mange av dei digitale plattformene har ein datadri-ven forretningsmodell. I staden for at forbrukarane må betale for å bruke plattformen, får dei tilgang i byte mot persondata.

Når forbrukarar betaler for digitale tenester med personopplysingane sine, kjem det ikkje direkte til uttrykk som ein økonomisk storleik på lik linje med utgifter til bustadlån, transport, mat og klede. Det er likevel ein transaksjon som både inneber ein ny type kostnad for forbrukarane og ei inntektskjelde for mange næringsdrivande i den digitale økonomien. Ein framtidsretta forbrukarpolitikk må derfor også sikre forbrukarane sine rettar i eit personvernperspektiv.

2.2 Komiteens merknader

Komiteen merker seg at forbrukervanene har endret seg de siste tiårene. Forbrukerutgiftene har økt i takt med kjøpekraften. Komiteen viser til at den største delen av forbruket går til bosted og transport. Utgifter til utenlandsreiser har den største volumendringen per person i perioden 2000–2017. Komiteen merker seg at gjeldsbelastningen til husholdningene har økt betraktelig. Det gjelder også forbruksgjeld.

Komiteen viser videre til at en stadig større andel av forbruket skjer digitalt. Forbrukerne handler stadig mer på nettet, både varer og tjenester, og bruker mer av sin tid på digitale plattformer. Digitale plattformer gir muligheter, men også utfordringer. Komiteen mener det er særdeles viktig at personopplysninger og forbrukerrettigheter sikres, også i en digitalisert økonomi.

3. Et framtidsrettet forbrukerapparat

3.1 Sammendrag

3.1.1 Innleiing

Hovudmålet i forbrukarpolitikken er å sikre forbrukarane ei sterk stilling i marknaden. For å få til dette må ein sjå ulike sektorar og politikkområde i samanheng. Barne- og familiedepartementet (BFD) koordinerer forbrukarpolitikken til regjeringa, men fleire departement har ansvar for område som er svært viktige for forbrukarane. Det er også offentlege verksemdar under andre departement som tek hand om viktige forbrukaromsyn – deriblant Finanstillstyret, Konkurransetilsynet, Datatilsynet, Miljødirektoratet, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og Mattilsynet.

3.1.2 Forbrukerapparatet

BFD har delegert ei rekkje oppgåver i utøvinga av forbrukarpolitikken til offentlege verksemdar som administrativt og/eller økonomisk høyrer inn under departementet. Eit mykje brukt samleomgrep på desse organa er «forbrukerapparatet». Dette inkluderer Forbrukarrådet, Forbrukartilsynet, Marknadsrådet, Forbrukarklageutvalet, Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet og Stiftinga Miljømerking.

Desse verksemdene og forbrukerapparatet i dei andre nordiske landa er nærare omtalte i meldinga.

3.1.3 Oppgåver og verkemiddel i forbrukarpolitikken

Det finst ei rekkje verkemiddel og oppgåver som skal vere med på å vareta forbrukarane sine interesser i marknaden. Dei viktigaste er lovregulering, tilsyn med forbrukarvernreglane, klagehandsaming, forbrukarinformasjon og forskning. I tillegg kjem det interessepolitiske arbeidet som går ut på å påverke styresmakter, organisasjonar og næringsdrivande i forbrukarvernleg retning og å setje forbrukarspørsmål på dagsordenen i samfunnsdebatten.

Verksemdene på forbrukarområdet har ei sentral rolle i å gjennomføre forbrukarpolitikken. Styring av, og samspel med, verksemdene er derfor også eit sentralt verkemiddel i forbrukarpolitikken.

I meldinga er det gitt ei kort utgreiing av dei viktigaste verkemidla og oppgåvene i forbrukarpolitikken.

3.1.4 Evalueringar av forbrukerapparatet og sentrale utviklingstrekk

Sentrale spørsmål rundt organiseringa og innretninga av forbrukerapparatet har vore diskuterte i fleire omgangar dei siste åra. Tema som særleg har vore oppe til diskusjon, er sjølvstendet til Forbrukarrådet og Forbrukartilsynet og nøytraliteten til Forbrukarrådet som meklar i saker mellom forbrukarar og næringsdrivande. Det har også vore påpeikt at forbrukerapparatet er fragmentert, med mange små einingar som til dels har overlappende oppgåver.

I meldinga blir det sett nærare på dei viktigaste utgreiingane og evalueringane frå dei siste tiåra og kva for endringar dei har ført med seg.

Den siste utgreiinga var Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) sin gjennomgang av det statlege forbrukerapparatet i 2015.

Rapporten frå Difi konkluderte med at verksemdene kunne vise til gode resultat kvar for seg, men at forbrukerapparatet samla sett verka fragmentert og lite kostnadseffektivt. Vidare vurderte Difi at kombinasjonen av interessepolitiske og forvaltingsmessige oppgåver var uryddig og svekte legitimiteten til Forbrukarrådet. Det blei påpeikt to primære grunnar til dette: For det fyrste skal den interessepolitiske verksemda vere

uavhengig av politisk styring, mens meklinga er underlagd politisk kontroll. Det kan vere uklart kor langt det interessepolitiske sjølvstendet rekk, og dette kan gi uheldige utslag dersom det politiske arbeidet til Forbrukarrådet får innverknad på forvaltingsoppgåvene. Den andre grunnen til at kombinasjonen av dei to rollene blei vurdert som problematisk, var at Forbrukarrådet skal fremje forbrukarinteresser og samstundes vere ein nøytral meklar i konflikhtar mellom forbrukarar og næringsdrivande. Difi meinte derfor at rolla som interesseorgan burde skiljast frå meklingsoppgåvene.

Etter Difi si oppfatning burde forvaltingsoppgåvene bli samla i eit felles organ under dåverande BLD, for å få ei betre samordning av verkemiddel og oppgåver. Vidare påpeikte Difi at sett utanfrå, gav Forbrukarrådet og Forbrukarombodet inntrykk av å overlape kvarandre relativt mykje, og at det var vanskeleg for aktørar både utanfor og innanfor apparatet å skilje mellom dei to verksemdene. Difi meinte at ei tydelegare tilsynsrolle for Forbrukarombodet kunne gi ei meir avklart oppgåvefordeling mellom ombodet og Forbrukarrådet.

Som ei direkte oppfølging av Difi sin gjennomgang blei det i 2017 gjennomført organisatoriske endringar i Forbrukarrådet. Talet på lokalkontor blei redusert frå ti til tre, i høvesvis Tromsø, Stavanger og Skien, i tillegg til ei hospiteringsordning på Svalbard. Det blei også innført eit organisatorisk skilje i Forbrukarrådet ved at ein skulle drive med interessepolitikk frå hovudkontoret i Oslo, mens kontora i Tromsø, Stavanger og Skien skulle ha ansvar for meklingsoppgåvene. Forbrukarombodet si rolle som tilsynsorgan blei gjord tydeleg ved å endre namnet på verksemda frå ombod til tilsyn og ved å gi det nye tilsynet kompetanse til å gjere vedtak i alle saker.

3.1.5 Framtidig handsaming av forbrukarklager

Regjeringa har vedteke å samle den offentlege handsaminga av forbrukarklager i Forbrukartilsynet. Dette vil gjere handsaminga av forbrukarklager meir effektiv og brukarvennleg. Samstundes opnar det for å reindyrke Forbrukarrådet si rolle som interesseorganisasjon og utvikle Forbrukartilsynet si rolle som det sentrale forvaltingsorganet på forbrukarområdet.

Endringa inneber at handsaminga av forbrukarklager blir flytt frå Forbrukarrådet og Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet til Forbrukartilsynet. Forbrukarrådet har ei eiga avdeling som hand-samar forbrukarklager etter kjøp over landegrensene i EØS-området, Forbrukar Europa, som også blir flytt til Forbrukartilsynet.

I meldinga blir det gitt ei nærare grunngeving for regjeringa si avgjerd om å samle forvaltingsoppgåvene.

Departementet viser til at når den offentlege handsaminga av forbrukarklager blir plassert i eitt og same organ, må ein vurdere nærare korleis saksgangen bør vere for å få ein mest mogleg ressurseffektiv prosess. Saks-

gangen er i dag regulert i lov om godkjenning av klageorganer for forbrukarsaker og forbrukarklagelova. Endringar i desse lovene må på høyring. Regjeringa vil derfor skrive eit høyringsnotat med forslag til endringar i det relevante regelverket før framlegging av forslag til lovendringar for Stortinget. I dette høyringsnotatet vil spørsmålet om ny saksgang i forbrukarsaker bli drøfta nærare.

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for vekst og utvikling i heile landet. For å få til dette er det viktig å sikre ei spreiding av statlege arbeidsplassar. På den andre sida er det viktig av omsyn til effektiv ressursbruk at det utvida Forbrukartilsynet ikkje er spreidd utover for mange stader.

I vurderinga av kvar det utvida tilsynet skal liggje, har det vore viktig for regjeringa å byggje vidare på dei kompetansemiljøa som nyleg har blitt bygde opp i Ski-en, Stavanger og Tromsø. Det nye Forbrukartilsynet, inkludert tilsynsverksemda som i dag er i Oslo, skal derfor bli lokalisert med utgangspunkt i dei tre kontora i Tromsø, Stavanger og Skien. Hovudkontoret og tilsynsverksemda skal liggje i Grenlands-området. Forbrukar Europa, som i dag er lokalisert ved Forbrukarrådet sitt hovudkontor i Oslo, blir flytt til det utvida Forbrukartilsynet sitt hovudkontor i Grenland. Årsverk knytte til sakshandsaminga av forbrukarsaker som i dag blir utført av Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet i Oslo, blir fordelt mellom det utvida Forbrukartilsynet sine kontor i Tromsø, Stavanger og Grenland.

3.1.6 Ansvar for forskning og analyse i sektoren

BFD har hovudansvaret for eit godt kunnskapsgrunnlag i forbrukarsektoren. Ein vesentleg del av forbruksforskninga blir utført av Forbruksforskningsinstituttet SIFO. I dag er SIFO eitt av fleire institutt under Oslo-Met – storbyuniversitetet.

Forbrukarrådet har ei fakta- og analyseavdeling som mellom anna analyserer Forbrukarrådet sin eigen klagestatistikk. I tillegg bruker Forbrukarrådet delar av budsjettet sitt til å kjøpe undersøkingar, testar og forskingsrapportar, mellom anna som underlag for det interessepolitiske arbeidet. Forbrukartilsynet fører også statistikk over førespurnadene det får frå publikum, men analyserer berre til ein viss grad desse tala.

Regjeringa meiner det er naturleg at eit utvida Forbrukartilsyn får eit særleg ansvar for kunnskapsgrunnlaget i forbrukarsektoren. Med den føreslåtte omorganiseringa vil Forbrukartilsynet ha den fremste juridiske ekspertisen på forbrukarområdet. Tilsynet vil handsame store mengder førespurnader frå forbrukarane og dermed få innsikt i kva utfordringar forbrukarane møter, og kva handelspraksis næringslivet har. Samstundes vil Forbrukartilsynet kunne føre ein samla statistikk for klagesaker innan forbrukarsektoren. Juridisk eksperti-

se, kjennskap til handelspraksis og klagestatistikk er likevel ikkje nok til å få eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag. Tilsynet bør også kunne innhente forskning og analyse på forbrukarområdet.

Regjeringa meiner samstundes at Forbrukerrådet bør oppretthalde kompetansen det har på å analysere problemstillingar som gjeld forbrukarane. Dette for at Forbrukerrådet framleis skal vere ein slagkraftig interesseorganisasjon for forbrukarane, med høg fagleg kompetanse i forbrukarspørsmål.

3.1.7 Samarbeid mellom bransjenemnder

I dag finst det ei rekkje bransjefinansierte klagenemnder i ulike marknader.

I Granavolden-plattformen tek regjeringa til orde for eit bransjestyrt og digitalt «Nemndenes hus». Regjeringa ser positivt på eit tettare samarbeid mellom nemndene, så lenge partane i nemndsavtalene ønskjer dette. Eit privat finansiert klagehandsamingstilbod etablert gjennom eit frivillig samarbeid mellom ansvarlege næringslivsaktørar og forbrukarrepresentantar, har ei rekkje gunstige konsekvensar. For det fyrste får forbrukarane eit hovudsakleg gratis klagehandsamingstilbod som gjer det mogleg å ta avgjerder med høg kvalitet. For det andre får næringslivet auka kunnskap om forbrukarane sine utfordringar og frustrasjonar. Dette kan igjen føre til endringar i handelspraksis som forbrukarar har vore misfornøgde med. For det tredje er det eit viktig utgangspunkt at det er næringa sjølv som hovudsakleg betalar for å få løyst forbrukarklager på sine respektive område, ikkje det offentlege. Det er framfor alt næringa som kan setje inn tiltak for å få redusert talet på klager, og det er derfor viktig å gi næringslivet økonomiske insentiv til å halde klagen på eit lågt nivå.

3.1.8 Regjeringa vil

- samle klagehandsamingsarbeidet på forbrukarområdet hos Forbrukartilsynet
- gi Forbrukartilsynet eit særleg ansvar for å vareta kunnskapsgrunnlaget på forbrukarområdet
- lokalisere Forbrukartilsynet utanfor Oslo i tråd med retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon.

3.2 Komiteens merknader

Komiteen viser til at regjeringa på bakgrunn av Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) sin gjennomgang av det statlege forbrukerapparatet i 2015 har igangsatt en omorganisering av forbrukerapparatet. Komiteen merker seg at regjeringa har besluttet at forbrukerklager skal håndteres av Forbrukertilsynet, mens Forbrukerrådet framover skal rendyrkes som en interesseorganisasjon for forbrukerne. Forbrukertilsynet skal også få et særlig ansvar for kunnskapsgrunnlaget innenfor forbrukersektoren. Komiteen viser vidare til at

Forbrukertilsynet skal lokaliseres utenfor Oslo, og tilsynet er i gang med flytteprosessen til Grenland i Telemark og Vestfold fylke.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmet fra Senterpartiet, viser til at regjeringa har vedtatt betydelige endringer i forbrukerapparatet ved å samle den statlige håndteringen av forbrukerklager hos Forbrukertilsynet. Forbrukerrådet skal etter regjeringens beslutning ha en friere og tydeligere rolle som interesseorganisasjon og være en sterk forbrukerpolitisk pådriver. Selve omorganiseringsprosessen, som innebærer flytting av det nye, utvidete Forbrukertilsynets hovedkontor til Grenland, skal ferdigstilles i 2020. Forbrukerrådets avdeling for tvisteløsning, inkludert Forbruker Europa, blir en integrert del av det nye tilsynet.

Komiteen er opptatt av at omorganiseringen av forbrukerapparatet må føre til et styrket forbrukervern. Begrunnelsen for omorganiseringen var å rendyrke og styrke Forbrukerrådet som interessepolitisk aktør. I tillegg forventes Forbrukerrådet også i fremtiden å ivareta viktig rådgivnings- og dyktiggjøringsarbeid ut mot forbrukerne. Forbrukerrådet ivaretar også sentrale forbrukerinteresser gjennom deltakelse i flere klagenemnder. Komiteen mener at Forbrukerrådet må sikres som en sterk og uavhengig organisasjon for forbrukerpolitiske interesser og kvalitetssikret informasjon og rådgivning til forbruker.

Komiteen er opptatt av at Forbrukerrådet sikres de nødvendige rammevilkår for å utføre sine oppgaver.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet registrerer at regjeringspartiene i budsjettforliket på Stortinget for 2020 valgte å redusere bevilgningene til Forbrukerrådet med 5 mill. kroner, i tillegg til å fjerne 4 mill. kroner fra forbrukerpolitiske tiltak, forskning og utvikling. Disse medlemmer viser til at Arbeiderpartiet i sitt alternative budsjett for 2020 opprettholdt bevilgningene og reagerte på at kuttene ble gjennomført kort tid før forbrukermeldingen kom til behandling.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti er opptatt av at omorganiseringen i forbrukerapparatet ikke svekker forbrukervernet, og viser til at kuttet i bevilgningene kommer kun to år etter forrige omorganisering, og at Forbrukerrådet nå gjennomgår en omfattende omorganiseringsprosess uten tilførsel av midler for å håndtere utgifter til denne. Disse medlemmer er bekymret for situasjonen der bevilgningene reduseres midt i en stor omorganisering, og frykter dette vil kunne ramme mennesker i krevende si-

tuasjoner som trenger hjelp for å få vurdert sine rettigheter.

Disse medlemmer viser til at det i mange saker (markedsføring rettet mot barn og unge, reklame for ulovlige spill, kosmetiske behandlinger m.m.) er pekt på utfordringer med et fragmentert og uoversiktlig tilsynsapparat. Skal man utvikle en framtidsrettet politikk, vil disse medlemmer understreke behovet for et tydelig plassert ansvar. I tillegg må det sikres et tettere samarbeid, slik at ressursene utnyttes på en god måte. Arbeidslivskriminaliteten foregår i dag også på digitale plattformer, og et tettere samarbeid med arbeidslivsentrene bør derfor vurderes.

4. En internasjonal forbrukerpolitikk

4.1 Sammendrag

4.1.1 Oversikt

Forbruket i dag skjer i stor grad på tvers av landegrenser. Der det tidlegare var ei eller to store globale merkevarer, er det no ei rekkje store internasjonale selskap som pregar kvardagen til forbrukarane. Facebook, Apple, Spotify, Google og Amazon, for å nemne nokon.

Internasjonalisering av forbruket kjem til uttrykk på fleire måtar:

- Handel av varer og tenester over landegrensene. Framveksten og utbreiinga av netthandel har gjort det enklare å handle over landegrenser. For forbrukarane inneber dette tilgang til eit langt større utval av varer og tenester.
- Digitalisering. Digitale plattformer, som Airbnb, gjer det enkelt for kven som helst å inngå avtaler med andre over heile verda. Måten plattformene er innretta på, gjer at ein på ein enkel måte kan finne ein tilbydar i utlandet, inngå avtale og betale. Norske forbrukarar er i verdstoppen når det gjeld å ta i bruk nye digitale tenester.
- Reiseverksemd. God privatøkonomi og auka fleksibilitet i arbeidslivet for mange gjer det mogleg å reise meir. Mange pensjonistar vel å opphalde seg utanlands større delar av året.
- Endra forretningsstruktur. Framveksten av fleire store globale og digitale selskap som tilbyr varer og tenester til forbrukarar.

Internasjonaliseringa byr på nye moglegheiter og eit større tilfang av varer og tenester. I EØS gir felles EU/EØS-reglar godt forbrukarvern og moglegheit til klagehandsaming dersom det oppstår problem. Samarbeid om tilsyn og handheving styrkjer også forbrukarvernet i EØS.

Internasjonaliseringa medfører også nokre utfordringar. Behovet for internasjonalt samarbeid aukar når produksjonen av og handelen med varer og tenester skjer over landegrensene. Ein må ha eit samarbeid om

analyse av problem, utvikling av regelverk, tilsyn og handheving. Regjeringa prioriterer derfor å ta del i arbeidet for eit sterkt forbrukarvern internasjonalt.

For at ein marknad skal fungere godt, treng ein spelereglar. Effektivt tilsyn med og effektiv handheving av desse spelereglane må til for å sikre rettferdig konkurranse mellom næringsdrivande og å sørgje for at forbrukarane har høg tillit til marknaden. Å motverke svindel, urimeleg handelspraksis og annan ulovleg verksemd er derfor ei prioritert forbrukarpolitisk oppgåve for norske styresmakter, også internasjonalt.

Det er etablert ulike arenaer for samarbeid på forbrukarområdet. Arbeidet spenner frå utveksling av beste praksis og rettleiingar om utvikling og handheving av politikk til konkret, bindande regelverk og felles koordinerte tilsynsaksjonar mellom styresmaktene i ulike land.

På forbrukarområdet er EU, OECD og FN særleg aktuelle arenaer for internasjonalt samarbeid. Den viktigaste arenaen er EU, for det er der det i størst grad blir utforma regelverk som er direkte styrande for norske forbrukarar sine rettar og norske næringsdrivande sine plikter.

I april 2018 la Kommisjonen fram to direktivforslag i pakka «A New Deal for Consumers». Desse forslaga inneheld fleire element som kan ha mykje å seie for norske forbrukarar og næringsdrivande. Regjeringa arbeider aktivt for å påverke delar av forslaga i tråd med norske interesser.

4.1.2 Regjeringa vil

- medverke til eit sterkt forbrukarvern gjennom EU/EØS, OECD og FN
- prioritere ein aktiv forbrukarpolitikk i Europa og leggje vekt på samarbeid med ny kommissær og nytt europaparlament frå hausten 2019
- følgje det vidare arbeidet med Kommisjonen si tiltakspakke «A New Deal for Consumers» og arbeide for at utviklinga i det europeiske regelverket fører med seg eit sterkt forbrukarvern
- lytte til aktuelle partar når ein skal utarbeide Noreg sine framlegg til nytt forbrukarregelverk i EU
- prioritere norsk deltaking i EU sitt program for den indre marknaden for perioden 2021–2027, for mellom anna å sikre samarbeid om handheving og tvisitteløysing, og for å sikre at norske tilhøve kjem med i kunnskapsgrunnlaget for forbrukarpolitikken i EU.

4.2 Komiteens merknader

Komiteen registrerer at norske forbrukere i mykje større grad enn før kjøper varer og tenester av internasjonale tilbydere, samt at vi reiser mer og tar raskt i bruk nye digitale tenester. Komiteen er enig med regjeringa i at Norge må ta del i internasjonalt samarbeid på relevante arenaer for å utvikle forbrukerpolitikken og et

velfungerende regelverk som er til det beste for forbrukeren.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti, mener at norske forbrukeres rettigheter er avhengig av godt internasjonalt samarbeid, både i Norden, Europa og globalt.

Flertallet viser til at forbruket vårt er internasjonalt gjennom handel over landegrenser, digitalisering, reising og framveksten av flere store globale, digitale selskaper, og vil understreke viktigheten av godt EØS-samarbeid for å ivareta forbrukervernet i denne konteksten. Flertallet peker på at regjeringen prioriterer arbeidet med å styrke forbrukervernet internasjonalt, også ut over EØS' grenser, og støtter dette.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser til at regjeringens ambisjoner likevel ikke virker å være særlig høye. Disse medlemmer mener Norges forbrukerpolitikk bør være ledende i å utvikle og få på plass nasjonale og internasjonale regler og styrkede forbrukerrettigheter.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti mener at det er kritisk at man ser forbrukerpolitikken i et internasjonalt perspektiv. I dagens globaliserte verden finnes det knapt produkter eller tjenester som ikke har flyttet seg over landegrenser. Det finnes både ulemper og fordeler knyttet til dette. Et problem som meldingen ikke tar opp, er behovet for bedre informasjon om hvilke forhold som har bidratt til å skape produktet eller tjenesten, og hvordan vi kan sikre grunnleggende menneskerettigheter og miljøvern i produksjonen av de produktene og tjenestene som er tilgjengelige for forbrukerne. Disse medlemmer viser til at det er godt dokumentert at det finnes både store miljødelegger, brudd på grunnleggende menneskerettigheter, bruk av barnarbeid og slaverilignende tilstander i store og viktige produksjonsledd i dagens internasjonale verdikjeder.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti tror ikke norske forbrukere ønsker å bidra til å opprettholde dette. Derfor trenger vi en menneskerettighetslov for næringslivet. Dessverre er informasjonstilgangen og åpenheten hos internasjonale produsenter og leverandører for dårlig. Aktørene som opererer i disse verdikjedene, må i større grad holdes til ansvar for å sikre informasjon til forbrukerne. I tillegg må vi sikre at disse aktørene er forpliktet til å gjøre aktsomhetsvurderinger i sine virksomheter, slik at de kan holdes til ansvar ved brudd på menneskerettighetene eller ved miljøskader.

Komiteen viser til at et samlet sivilsamfunn har ønsket seg tiltak på dette området en god stund. Det har vært foreslått både etikkinformasjonslov, antislaverilov og en såkalt aktsomhetslov. I juni 2018 ble det nedsatt et offentlig utvalg – Etikkinformasjonsutvalget – etter anmodning fra Stortinget. Utvalget leverte sin rapport i desember 2019, som foreslår en lov om åpenhet om virksomhetens forhold til grunnleggende menneskerettigheter og anstendig arbeid i egen virksomhet og leverandørkjeder.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet forventer at regjeringen følger opp Etikkinformasjonsutvalgets arbeid. Disse medlemmer viser også til Representantforslag 41 S (2018–2019) fra Arbeiderpartiet om å vurdere en lov mot moderne slaveri, samt forslag om å få på plass et internasjonalt merkesystem for bærekraft på varer og tjenester.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at formålet med loven er å gi forbrukere, fagforeninger, organisasjoner og andre rett til informasjon om virksomhetens påvirkning på grunnleggende menneskerettigheter og arbeidsforhold. Dette skal gi dem mulighet til å treffe informerte valg og til å stille spørsmål om ansvarlighet i næringslivet. For det andre er formålet å fremme respekt for grunnleggende menneskerettigheter og anstendig arbeid i virksomheter og leverandørkjeder. Krav til kunnskap, informasjon og aktsomhetsvurderinger skal bidra til å nå dette målet. Loven tar utgangspunkt i FNs veiledende prinsipper for næringsliv og menneskerettigheter (UNGP) og OECDs retningslinjer for flernasjonale selskaper.

For alle virksomheter er det foreslått en plikt til å svare på konkrete forespørsler om informasjon, og kunnskapsplikt om vesentlig risiko for negativ påvirkning på grunnleggende menneskerettigheter og anstendig arbeid. Plikten gjelder i alle tilfeller der risiko for negativ påvirkning er høyest, som risiko for tvangsarbeid og annet slaverilignende arbeid, barnarbeid, diskriminering, manglende respekt for faglige rettigheter, og risiko for helse, miljø og sikkerhet på arbeidsplassen. Det kreves også at større virksomheter skal gjennomføre aktsomhetsvurderinger for å kartlegge, forhindre og begrense negativ påvirkning på grunnleggende menneskerettigheter og anstendig arbeid, og gjøre rede for hvordan dette håndteres.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti mener at utvalgets forslag er godt, og at det burde være brei politisk oppslutning rundt det. Disse medlemmer frykter imidlertid at uten tydelige sanksjoneringsmuligheter vil en slik lov ikke være så effektiv som mulig. Når en ak-

tør bryter loven, så må det også finnes konkrete sanksjoner.

Derfor fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om en etikkinformasjonslov, inkludert forslag til hvordan brudd på loven kan sanksjoneres.»

5. Forbrukerrettigheter, personvern og konkurranse i den digitale økonomien

5.1 Sammendrag

5.1.1 Innleiing

Digitalisering har fyrst og fremst vore med på å skape nye moglegheiter for forbrukarane. Samstundes inneber digitale forretningsmodellar nye forbrukarutfordringar. Digitale tenester og produkt samlar inn store mengder personopplysingar om forbrukarane. Forbrukarane har lite kontroll og oversikt over korleis personopplysingane deira blir brukte. Det er eit gjennomgåande problem at næringsdrivande ikkje opplyser godt nok om dette, mellom anna ved at informasjon blir gøymd i lange og komplekse avtalevilkår. Denne utviklinga set etablerte forbrukarvern- og personvernprinsipp under press. Når det blir samla inn personopplysingar om forbrukarar gjennom produkt og tenester, er god IKT-tryggleik avgjerande for eit godt personvern. Utviklinga har også konkurransemessige implikasjonar.

Regjeringa vil arbeide for å styrkje rettane, personvernet og tryggleiken til forbrukarane i digitale tenester og produkt og samstundes leggje til rette for effektiv konkurranse som eit viktig element i ein godt fungerande økonomi. I arbeidet med å styrkje stillinga til forbrukarane vil regjeringa leggje vekt på betre tilsyn med reglane og styrkt samarbeid mellom styresmaktene i politikk som gjeld forbrukarsaker, personvern, IKT-tryggleik og konkurranse.

Digitale produkt og tenester blir ofte tilbydde i ein internasjonal marknad, i mange tilfelle frå land som har andre kontrakts- og rettstradisjonar enn Noreg. Det er derfor viktig å leggje vekt på internasjonalt samarbeid for å betre forbrukar- og personvernet på området.

5.1.2 Datadriven innovasjon og personvernet til forbrukarane

Dei siste åra har personvern- og forbrukarmyndighetene særleg sett utfordringar knytte til datadriven innovasjon basert på innsamling av personopplysingar og stordataanalyse.

Det er viktig med ein open debatt om balansen mellom teknologisk innovasjon i næringslivet og retten forbrukarane har til personvern ved bruk av digitale tenester og produkt. Regjeringa meiner at det er behov for å styrkje stillinga til forbrukarane og leggje til rette for ein

betre balanse mellom næringsdrivande og forbrukarar på dette området. Det er mogleg å verne om personvernet til forbrukarane samstundes som stordataanalyse blir meir sentralt i næringslivet. Det krev at næringsdrivande er opne om datainnsamlinga og føremålet med denne, at dei ikkje samlar inn fleire opplysingar enn dei treng, og at dei faktisk gir forbrukarane moglegheit til å velje om dei vil gi frå seg personopplysingar eller ikkje. Regjeringa ønskjer ei utvikling der forbrukarane i større grad kan velje personvernvennlege alternativ, og der personvern blir eit konkurranseelement.

5.1.3 Forbrukarrettar i den digitale økonomien

Dei norske forbrukarvernreglane gir forbrukarane eit sterkt vern. Når samfunnet i dag er tilnærma gjennomdigitalisert, er det avgjerande at eksisterande forbrukarrettar også blir varetekne i den digitale økonomien. Det meste av forbrukarlovgevinga er teknologinøytral. Likevel har utviklinga med auka grad av datainnsamling og framveksten av digitale plattformer skapt enkelte nye utfordringar for forbrukarane. Desse utfordringane handlar om næringsdrivande sin praksis ved utforming av digitale avtalevilkår, ting som er uklare i gjeldande reglar, og handheving av regelverket.

Regjeringa vil mellom anna løfte arbeidet for enklare avtalevilkår i digitale tenester, i ein ny strategi for den digitale kvardagen til forbrukarane.

INTERNASJONALT SAMARBEID OM FORBRUKARVERNREGLAR I EIN DIGITAL KVAR DAG

Det er nausynt med internasjonalt samarbeid om lovregulering av datadriven innovasjon og digitale plattformer, ettersom mange av dei sentrale næringsdrivande har opphavet sitt utanfor Noreg. EU-arbeidet er særleg viktig. EU-kommisjonen har i forslagspakka «A New Deal for Consumers» frå 2018 føreslått å modernisere forbrukarrettane i lys av den digitale utviklinga.

Forslaget til Kommisjonen inneber mellom anna å utvide rettane til forbrukarar som gir frå seg personopplysingar i bytte mot digitale tenester. Dette vil i så fall kunne føre til at forbrukarar kan krevje meir informasjon, stadfesting på inngåtte avtaler og angrerett. Forslaget inneber såleis ei styrking av forbrukarrettane i Noreg. EU-kommisjonen har også føreslått å auke informasjonskrava til digitale plattformer, slik at det skal bli tydeleg for forbrukaren om han eller ho handlar med ein privatperson eller ein profesjonell næringsdrivande.

HANDHEVING AV DIGITALE FORBRUKARRETTAR

Det er ikkje nok at forbrukarar har gode rettår på papiret, dersom vernet ikkje fungerer godt nok i praksis. Derfor er det særleg viktig å sikre at forbrukarane sine digitale rettår blir handheva på ein god måte.

Regjeringa har i 2019 auka løyvinga til Forbrukartilsynet med 6 millionar kroner. Målet med dette er å styr-

kje tilsynet med, og rettleiinga om, forbrukarvernreglane i den digitale økonomien. Satsinga er også med på å styrkje Forbrukartilsynet sitt internasjonale arbeid med mellom anna koordinerte tilsynsaksjonar over landegrensene. Regjeringa vil framover leggje vekt på tettare samarbeid mellom tilsyn på fleire område for å styrkje handhevinga av forbrukarvernreglane.

STRATEGI FOR Å VERNE OM DIGITALE FORBRUKARRETTAR

Forbrukarstyresmaktene har dei siste åra hatt søkjelyset på problemstillingar knytte til forbrukarrettar i den digitale økonomien. Forbrukarrådet har undersøkt vilkår i nye digitale tenester og produkt. Forbrukartilsynet har følgd opp med tilsyn og vedtak i enkeltsaker, og Forskingsinstituttet SIFO har gått nærare inn på viktige problemstillingar. Datatilsynet har også følgd opp Forbrukarrådet sine funn med tilsyn og vedtak.

Regjeringa vil byggje vidare på dette samarbeidet og gjere det breiare og meir langsiktig og strukturert. Regjeringa vil utarbeide ein forbrukarpolitisk strategi for den digitale kvardagen som ei ramme for denne innsatsen. Strategien skal slå fast prinsipp for forbrukarane sin digitale kvardag og leggje retninga for aktivitetar og tiltak på dette området framover. Regjeringa vil i dette arbeidet sjå på tilsvarande initiativ i nabolanda våre.

5.1.4 *Personvern i digitale tenester og produkt*

Den nye europeiske personvernforordninga, som tredde i kraft i Noreg med ny personopplysningslov i 2018, inneber ei styrking av forbrukarrettane.

I meldinga blir det gjort greie for personvernforordninga og dei nye forbrukarrettane, i tillegg til regjeringa sin plan for det vidare arbeidet.

FORBRUKAREN SKAL ENKELT KUNNE FLYTTE OPPLYSINGANE SINE

Ei samanliknbar teneste er retten til nummerportabilitet når ein skiftar tilbydar av teletenester. Dei fleste synest det er lite praktisk å byte telefonnummer. Denne informasjonen har brukaren gjerne delt med svært mange, og det er krevjande å sørgje for at alle kontaktar får oppdatert informasjon dersom ein må byte nummer.

VEGEN VIDARE FOR Å STYRKJE PERSONVERNET TIL FORBRUKARANE

Personvernforordninga har gitt forbrukarar i Noreg og EU sterkare personvernrettar.

Regjeringa vil arbeide for å styrkje kunnskapen om personvernreglane hos forbrukarar og næringsdrivande. Det er også viktig at ein handhevar rettane etter personvernreglane, for å vere sikre på at næringsdrivande følgjer regelverket. Regjeringa vil derfor vurdere om ein bør styrkje arbeidet med personvern på forbrukarområ-

det, slik at det blir enklare å handheve personvernregelverket i forbrukarsaker.

Regjeringa ønskjer ei utvikling der forbrukarane i større grad kan velje personvernvennlege alternativ, og der personvern blir eit konkurranseelement. Innføringa av det nye personvernregelverket kan føre til at næringsdrivande i større grad konkurrerer på godt personvern.

5.1.5 *IKT-tryggleik i tilkopla produkt*

Dei siste åra har ei rekkje tilkopla forbrukarprodukt blitt lanserte på den norske marknaden. I tillegg til at dei er kopla til nettet, samlar slike produkt inn personopplysingar om forbrukarane. Når produkt og tenester samlar inn personopplysingar, er god IKT-tryggleik avgjerande for eit godt personvern. Regjeringa legg vekt på at ein skal kunne bruke produkt som blir kopla til nett, utan at ein må vere redd for at personopplysingar skal bli misbrukte. God tryggleik er òg ein føresetnad for at produkta skal fungere som venta. Det er ingen tvil om at dette er eit område der utviklinga går fort. Samstundes er det viktig å løyse tryggleiksfordringar tidleg dersom ein skal lukkast med å skape ei positiv utvikling på området.

VEGEN VIDARE FOR Å STYRKJE IKT-TRYGGLEIKEN

Forbrukarrådet har kartlagt utfordringar ved tilkopla forbrukarprodukt. IKT-tryggleiksutvalet har vidare komme med tilrådingar om korleis styresmaktene best bør arbeide vidare for å styrkje IKT-tryggleiken i tilkopla produkt. Regjeringa vil framover arbeide for å styrkje IKT-tryggleiken i tilkopla produkt på tinga sitt internett. Dette vil skje på fleire måtar.

Når det gjeld moglege endringar i regelverket, vil regjeringa prioritere internasjonalt arbeid, særleg overfor EU. Regjeringa vil følgje regelverksutviklinga i EU tett og vere ein pådrivar for at IKT-tryggleiken i tilkopla produkt skal vere sikra i det nye regelverket.

Regjeringa meiner at standardisering bør spele ei viktig rolle som ein del av løysinga for å sikre at tilkopla produkt som blir lanserte på den norske marknaden, skal vere trygge for forbrukarane. Regjeringa meiner også at krav om innebygd tryggleik (security by design) vil vere viktig i det vidare arbeidet med standardisering.

Regjeringa vil vurdere om ein må gi importørar og forhandlarar av tilkopla produkt betre rettleiing, slik at ein kan redusere risikoen for at produkt med manglande IKT-tryggleik endar opp på forbrukarmarknaden.

5.1.6 *Konkurranse i digitale marknader*

Digitaliseringa har positive effektar på konkurransen i mange marknader. Dette gir gevinstar for forbrukarane i form av nye tenester og produkt. Døme på tenester som forbrukaren nyt godt av, er digitale plattformer, delingstenester og nettbaserte marknadsplassar. Samstundes er det fare for at digitaliseringa kan føre til

marknadskonsenstrasjon og negative effektar på konkurransen. Personvern har ikkje vore eit sentralt konkurranseelement i den digitale økonomien fram til no. Men med innføringa av dei nye personvernreglane kan personvern i større grad komme til å bli eit konkurranseelement.

5.1.7 Samordning av innsatsen styresmaktene gjer på området

Det er mange overlappende utfordringar og problemstillingar på politikkområda som gjeld forbrukarar, personvern, IKT-tryggleik og konkurranse. Regjeringa er oppteken av å sjå politikk og regelverk på desse områda i samanheng. Dei siste åra har Forbrukartilsynet og Datatilsynet etablert eit godt samarbeid om forbrukar- og personvernspørsmål i digitale tenester og produkt. Framover blir det viktig å styrkje samarbeidet mellom fleire av tilsyna i Noreg.

I europeisk samanheng har European Data Protection Supervisor etablert initiativet «Digital Clearinghouse». Her skal styresmakter med ansvar for konkurranse, personvern og forbrukarvern kunne diskutere korleis ein kan bruke dei ulike regelsetta saman, for å sikre at den digitale økonomien fungerer godt.

5.1.8 Regjeringa vil

- etablere eit nasjonalt samarbeidsforum for å styrkje tilsynet på digitalområdet, etter modell av det europeiske «Digital Clearinghouse»
- utarbeide ein forbrukarpolitisk strategi for den digitale kvardagen
- vere med på å oppdatere dei felleseuropeiske forbrukarvernreglane til den digitale økonomien
- styrkje kunnskapen om dei nye personvernreglane hos forbrukarar og næringsdrivande
- støtte initiativ for å opprette ei merkeordning for personvern
- vurdere behovet for å styrkje arbeidet med personvern på forbrukarområdet, slik at det blir enklare å handheve personvernregelverket i forbrukarsaker
- styrkje IKT-tryggleiken i tilkopla produkt i «tinga sitt internett»
- prioritere internasjonalt samarbeid for å betre forbrukar- og personvernet i den digitale verda.

5.2 Komiteens merknader

Komiteen understreker viktigheten av at forbrukerne skal oppleve trygghet, tillit og seriøsitet i møte med den digitale økonomien. Komiteen ser at det er nødvendig med internasjonalt samarbeid for å sikre god lovregulering av datadreven innovasjon og digitale plattformer. Mange av de sentrale næringsdrivende innenfor feltet har sitt opphav utenfor Norge.

Komiteen mener det er en stor utfordring at de største digitale plattformene, som Google, Facebook,

Apple, Amazon, Yahoo og Alibaba, har tilgang til enorme datamengder om kunder, produkt og transaksjoner og i tillegg er ledende innenfor stordataanalyse. Disse aktørene får sågar stor makt og innflytelse over forbrukerne. Måten informasjonen blir samlet inn og brukt på, er i mange tilfeller lite transparent og gir få reelle muligheter for brukeren til å begrense deling eller bruk av sine persondata. Komiteen mener det er viktig med samarbeid mellom ulike tilsyn som håndhever relevant lovverk. Komiteen er positiv til tiltakene regjeringen skal igangsette, og noterer seg at dette blant annet gjelder styrking av kunnskapen blant næringsdrivende og forbrukere om personvernregler, etablering av samarbeidsforum for å styrke tilsynet på digitalområdet og utarbeidelse av en forbrukerpolitisk strategi for den digitale hverdagen.

Komiteen viser til at overgangen fra varekjøp til tjenestekjøp medfører nye utfordringer. Der varen er lik over tid, kan tjenesten endre seg. Eksempler på dette kan være en Playstation, hvor en oppdatering gjør at den ikke lenger kan brukes med alle operativsystemer. Et annet eksempel kan være en e-bok som plutselig forsvinner fra biblioteket når den man har kjøpt den av, ikke lenger vil betale for rettighetene.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti, viser til at regjeringen for tiden arbeider med forslag til gjennomføring av direktiv om digitale ytelser i norsk rett. Dersom dette direktivet gjennomføres i norsk rett, vil forbrukerne få en rekke lovfestede rettigheter ved nedlasting av spill og e-bøker. Flertallet understreker behovet for å ivareta «fremtidssikrede» forbrukerrettigheter og ser fram til fremleggelsen av regjeringens forslag.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at det i dag er en utvikling i forbrukerrollen der forbruker blir mer involvert i produksjonen, og en stadig raskere utvikling fra varekjøp til tjenestekjøp. Disse medlemmer mener denne utviklingen må bli gjenstand for en grundig diskusjon med fokus på hvilke konsekvenser dette har for både rettighetsutvikling og håndhevelse. Behovet for «fremtidssikrede» forbrukerrettigheter må ivaretas. Derfor mener disse medlemmer at det bør oppnevnes et eget offentlig utvalg som skal utrede endringer i forbrukerrollen og konsekvenser for rettighetsarbeidet.

På denne bakgrunn vil disse medlemmer fremme følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen oppnevne et offentlig utvalg som skal utrede endringer i forbrukerrollen og konsekvensene dette kan få for arbeidet med forbrukerrettigheter. Utvalget skal særlig utrede hvordan forbru-

kervernet kan ivaretas i møte med en utvikling der forbruker stadig blir mer involvert i produksjonen, og der det skjer en stadig raskere utvikling fra varekjøp til tjenestekjøp.»

Disse medlemmer viser til at globale teknologigiganter som Facebook, Google og Apple har fått stadig større makt gjennom kontroll over massive mengder persondata og nær monopolmakt over enkelte tjenester og funksjoner som forbrukerne har blitt stadig mer avhengig av i hverdagen. Disse medlemmer mener at det er behov for å gjøre de reguleringsene som er mulig nasjonalt for å styrke forbrukernes stilling overfor disse selskapene og begrense den uregulerte innflytelsen de har over samfunnet.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti peker videre på at det internasjonalt foregår en debatt om muligheten for å skattlegge persondataene som disse selskapene samler inn, gjennom samme prinsipper som grunnrentebeskatning.

Dette medlem fremmer følgende forslag:

«For å styrke forbrukervernet og personvernet ber Stortinget regjeringen utrede og komme tilbake til Stortinget med en sak om det norske handlingsrommet for sterkere regulering av virksomheten i Norge til multinasjonale teknologiselskaper som Facebook, Google og Apple, herunder grunnrenteskatt på innsamling og bruk av personinformasjon.»

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser til Prop. 8 LS (2019–2020), Endringer i markedsføringsloven mv., som styrker forbrukers rettigheter overfor de ovenfor nevnte multinasjonale selskapene.

6. Den digitale hverdagen til barn og unge

6.1 Sammendrag

6.1.1 Innleiing

Barn og unge møter mange utfordringar som forbrukarar. Barn og unge er sårbare, både i tradisjonelle kjøpsituasjonar og på nettet. Nettet er ein marknadsplass for både seriøse og useriøse aktørar. Frå perspektivet til kvar enkelt forbrukar kan informasjonsmengda vere overveldande og freistingane og fallgruvane mange. På nettet opplever barn og unge utfordringar knytte til mellom anna marknadsføring, kroppspress og kjøpepress.

Regjeringa er oppteken av at barn og unge utviklar god digital forbrukarkompetanse. Dette omfattar mellom anna evna til å vere kritisk til målretta marknadsføring i sosiale medium. Regjeringa har styrkt tilsynet med reklame i digitale rom der barn og unge er, til dømes so-

siale medium og spel. Målet er å avgrense det kommersielle presset mot barn og unge.

6.1.2 *Barn og unge som sårbare forbrukarar på nettet*

Å meistre den digitale marknadsplassen som forbrukar omfattar meir enn berre å ha grunnleggjande IKT-ferdigheiter. Ein treng også kritisk vurderingsevne og kunnskap om valmoglegheitene og rettane ein har på nettet.

Regjeringa meiner at det er viktig at barn og unge utviklar kunnskap om digitale rettar og valmoglegheiter. På oppdrag frå dåverande Barne- og likestillingsdepartementet undersøkte SIFO i 2018 kva barn i alderen 15–16 år gjer for å verne om eigne personverninteresser på sosiale medium, og kva som kan vere med på å auke den digitale forbrukarkompetansen til barn på dette området. Studien til SIFO viste at barn har bekymringar knytte til personvern, og at dei gjer tiltak for å sikre seg. Regjeringa vil fortsetje å kartlegge den digitale forbrukarkompetansen hos barn og unge for å vurdere målretta tiltak. På oppdrag frå BFD skal SIFO i 2019 bygge vidare på studien sin frå 2018. Målet er mellom anna å undersøkje korleis den digitale forbrukarkompetansen til barn utviklar seg.

6.1.3 *Marknadsføringspress mot barn og unge*

Digitaliseringa har ført med seg ei rekkje nye marknadsføringsmetodar på ulike typar digitale plattformar. For barn og unge fører utviklinga med seg større utfordringar enn for vaksne. Grunnen til dette er at barn og unge har større vanskar med å identifisere og forstå reklame.

MARKNADSFØRING I SOSIALE MEDIUM

På oppdrag frå departementet har SIFO kartlagt marknadsføringa retta mot barn i alderen 15–16 år på sosiale medium. Undersøkinga viser at den digitale marknadsføringa barn møter, i stor grad er skreddarsydd etter dei personlege opplysingane deira, som kjønn, bustad, alder, etnisitet og digitale aktivitetar. Den tydelegaste skreddarsaumen gjeld kjønn.

SIFO har også undersøkt korleis barn forstår og relaterer seg til marknadsføringa dei får. Undersøkinga viser at barna lett identifiserer tradisjonell og merkt marknadsføring. Dette er marknadsføring barna forventar å finne, og som dei er kritiske til. Men barna er mindre kritiske til den marknadsføringa dei møter mest av på sosiale medium: sponsa lenkjer, kjendisponsing og rabattkodar. Dette er marknadsføringsstrategiar som gjer det vanskeleg å skilje kommersiell marknadsføring frå anna innhald.

Forbrukartilsynet har dei siste åra jobba aktivt for å førebyggje brot på marknadsføringslova i digitale rom.

Forbrukartilsynet og dei øvrige nordiske forbrukarstyresmaktene har utarbeidd eit felles nordisk standpunkt om skjult reklame overfor EU. EU-kommisjonen har også dei seinare åra retta søkjelys mot dette. Kommisjonen har mellom anna utarbeidd ei omfattande rettleiing om korleis ein skal forstå og handheve forbrukarregelverket i møte med den digitale røynda.

Ei utfordring med sosiale medium er det store omfanget, som gjer det omfattande og tidkrevjande å føre tilsyn med området. Forbrukarstyresmaktene vil utforske moglegheitene for å utvikle automatiserte digitale verkøy som kan skanne sosiale medium etter potensielle brot på marknadsføringslova. Dette vil kunne gjere tilsynet meir effektivt.

I tillegg til tilsyn og rettleiing til næringsdrivande er regjeringa oppteken av å formidle kunnskap til barn og unge om reklame og korleis reklame kan påverke oss.

SÆRLEG OM KROPPSPRESS I SOSIALE MEDIUM

Kroppspress har lenge vore eit problem blant barn og unge. Fleire forskingsrapportar, mellom anna ei undersøking gjennomført av NOVA, tyder på at det er ein samanheng mellom auka bruk av sosiale medium og auka kroppspress. Kroppspress er ifølgje studiane éin av fleire faktorar som kan ha noko å seie for den psykiske helsa til barn og unge. Sosiale medium kan dermed vere ein faktor som er med på å auke førekomsten av psykiske lidningar hos barn og unge.

Marknadsføring i sosiale medium er ein viktig del av dette biletet.

Dåverande Barne- og likestillingsdepartementet gav i 2018 Medietilsynet i oppdrag å utarbeide ei skisse til etiske retningslinjer for påverkarar, nettverk og annonsørar. Forbrukartilsynet tok del i arbeidet som ein fagleg ressurs med kunnskap og erfaring frå tilsynsarbeidet sitt. Endelege retningslinjer blir ferdigstilte av bransjen sjølv. Målet er å få bransjen til å ta eit større ansvar for den påverknaden dei har på unge i sosiale medium.

Regjeringa vil arbeide for å motverke kroppspress på sosiale medium og vil leggje til rette for det vidare arbeidet med etiske retningslinjer for påverkarbransjen. Retningslinjene skal fungere som felles køyrereglar. Dei skal komme i tillegg til gjeldande lovgiving. Regjeringa arbeider også med endringar i regelverket for kosmetiske injeksjonar og kosmetisk kirurgi. Endringar i marknadsføringslova, for å motverke kroppspress hos barn og unge, er også under utarbeiding. Dei føreslåtte endringane vil vere ein del av oppfølginga av oppmødingsvedtak frå Stortinget, og dei omfattar mellom anna reglar om merking av retusjert reklame.

KJØPEPRESS I DIGITALE SPEL

Kjøp av virtuelle gjenstandar i dataspel har i lengre tid vore ei utfordring for barn og foreldre. Det finst man-

ge døme på foreldre som har fått høge rekningar fordi barna har handla ting i slike spel.

I desember 2013 stilte forbrukarstyresmaktene i Europa felles krav til Apple og Google om endringar i marknadsføringa av spel gjennom appbutikkar. Det blei også utvikla retningslinjer for apputviklarar for å forhindre direkte kjøpsoppmodingar til barn. Trass i dette arbeidet er det framleis eit utbreidd problem at barn blir oppmoda til å kjøpe virtuelle gjenstandar i spel, og at foreldre opplever at barna belastar bankkortet til foreldra utan lov.

Dei store plattformene og spelutviklarane er globale aktørar som ein best kan påverke gjennom internasjonalt samarbeid. Norske forbrukarstyresmakter skal vere aktive pådrivarar i internasjonale forum for å vere med på å setje kjøpepress i digitale spel på dagsordenen.

6.1.4 Regjeringa vil

- kartleggje den digitale forbrukarkompetansen med særleg vekt på barn og unge
- særleg leggje vekt på tilsyn med digital marknadsføring retta mot barn og unge, gjennom å styrkje arbeidet til Forbrukartilsynet frå 2019
- oppdatere undervisingsheftet om reklame, mellom anna ved å ta inn omtale av nye marknadsføringskanalar
- leggje til rette for det vidare arbeidet med etiske retningslinjer for bloggarar, påverkarar, nettverk og annonsørar.

6.2 Komiteens merknader

Komiteen peker på at barn og unge møter mange utfordringar som forbrukere. Komiteen er bekymret for det økende kroppspresset og kjøpepresset barn og unge opplever i dag. Komiteen viser til anmodningsvedtak nr. 850 (2017–2018) fra behandlingen av Dokument 8:187 S (2017–2018), jf. Innst. 344 S (2017–2018). Et enstemmig storting vedtok å forsterke tilsynet med usunn reklame som retter seg mot barn og unge, særlig reklame som promoterer urealistiske skjønnhetsidealer og bidrar til kroppspress. Komiteen anser tilsyn med reklame og markedsføring rettet mot barn og unge som svært viktig og mener det må være en høyt prioritert oppgave.

Komiteen er på lik linje med regjeringen opptatt av at barn og unge skal utvikle god digital forbrukerkompetanse.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at barn og unge vokser opp i en digital tidsalder, der sosiale medier og stor tilgang på informasjon gjør dem utsatt for sosialt press og for uønsket markedsføring og reklame.

Disse medlemmer viser til at regjeringen konstaterer at markedsføringspresset kan være skadelig – spesielt i en stadig mer digital mediehverdag. Dessverre følger ikke regjeringen opp med tiltak mot dette, men viser til uforpliktende og vage ord som «kartlegging», «legge vekt på», «oppdatere» og «legge til rette». Disse medlemmer mener det er på høy tid at de skadelige effektene det kommersielle markedsføringspresset har på barn og unge, tas på alvor. Det er behov for strengere regulering som kan bidra til mindre kroppspress og bedre de unges psykiske helse.

Disse medlemmer støtter at barn og unges digitale forbrukerkompetanse må kartlegges og ivaretas, men at det er urettferdig og feil at alt ansvaret legges på barn og unge selv.

Disse medlemmer viser til at barn og unge er storforbrukere av sosiale medier og er en attraktiv forbrukergruppe. De er i en fase i livet hvor vaner og identitet etableres. Potensialet for å bygge livslang merkeloyalitet er stort, og markedsføringspresset er en konsekvens av dette. Evner og motivasjon til å motstå slik markedsføring er mindre utviklet hos barn enn hos voksne. Barn og unge er i en sårbar fase av livet fysisk, psykisk og sosialt og utsettes for økonomisk press.

Disse medlemmer vil understreke at samtykkene til deling av informasjon og brukervilkårene på de digitale plattformene skal være tilgjengelige på et forståelig språk for barn og unge. Disse medlemmer etterlyser tiltak for å ansvarliggjøre bransjen og for å gi barn og unge kunnskap om sammenhengen mellom markedsføring og personvern, slik at de kan ta informerte valg. Dette innebærer kunnskap om hvor de rettslige grensene går, spesielt siden den digitale utviklingen skjer raskt og det er mange gråsoner.

Disse medlemmer viser til at markedsføring som øker kroppspresset, kan skape negativt stress og press som leder til psykiske helseplager. Reklame som spiller på seksualisering, utdaterte kjønnsroller og uoppnåelige skjønnhetsidealer, bidrar i feil retning. I FNs veiledende prinsipper for forbrukerbeskyttelse i politikkkutforming vektlegges beskyttelsen av sårbare forbrukere og beskyttelse mot det som truer deres helse og sikkerhet.

Disse medlemmer mener staten ikke beskytter barn og unge godt nok mot skadelig markedsføringspress, slik at deres rett til å nyte godt av høyeste oppnåelige helsestandard og optimal utvikling – som nedfelt i barnekonvensjonen – ikke kan oppnås for alle barn. Disse medlemmer viser til at barnekapitlet i markedsføringsloven fyller elleve år i 2020. Loven har hatt en viktig funksjon, men teknologisk utvikling og sosiale medier har endret markedsføringstrykket mot barn og unge betydelig.

Disse medlemmer forutsetter at anmodningsvedtakene gjort av Stortinget i forbindelse med Repre-

sentantforslag 187 S (2017–2018) fra representanter fra Sosialistisk Venstreparti blir gjennomført, og peker særlig på å innføre krav om merking av retusjert reklame.

Disse medlemmer viser til behandlingen av Representantforslag 174 S (2017–2018) fra representanter fra Arbeiderpartiet om et mer regulert marked for kosmetiske injeksjoner, jf. Innst. 348 S (2017–2018) og anmodningsvedtaket om strengere regulering av tilbud og bruk av fillers og kosmetiske injeksjoner. Dette arbeidet må prioriteres.

På denne bakgrunn vil disse medlemmer fremme følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå markedsføringslovens barnekapittel og komme tilbake til Stortinget med forslag til hvordan man kan sikre at barn og unge er godt nok beskyttet mot markedsføring i dagens moderne mediehverdag, og særlig når markedsføringen kan påvirke helsen negativt.»

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en sak om tiltak for å begrense reklame i det offentlige rom, for eksempel gjennom å opprette reklamefrie soner i nær omkrets av skoler.»

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå forskrift om markedsføring av ikke-medisinske kosmetiske inngrep med formål om å innføre et forbud mot markedsføring av kosmetisk kirurgi som ikke er en del av medisinsk behandling.»

Komiteens medlem fra Senterpartiet viser til at det de senere årene har vært en sterk økning i markedsføring av kosmetisk kirurgi og annen markedsføring som har et sterkt kroppsfokus, og som fremmer visse typer skjønnhetsidealer. Dette medlem er bekymret for effekten slik markedsføring har på barn og unge, men også generelt på sårbare mennesker. Det er behov for i større grad å regulere den typen reklame.

Dette medlem viser til at flere kommuner har innført ulike reguleringer for eksempel innenfor retusjert reklame. Det gjelder bl.a. Tromsø, Kristiansand, Trondheim, Sandnes, Harstad og Oslo. Dette medlem finner det svært positivt at flere kommuner tar problemet på alvor og viser vilje til å regulere/forby retusjert reklame på offentlige eide steder.

Dette medlem er imidlertid i tvil om et forbud mot kommersiell markedsføring av kosmetisk kirurgi er rett vei å gå for å motvirke kroppspress. Et nasjonalt forbud i Norge vil eksempelvis ikke hindre utenlandske virksomheter i å påvirke potensielle kunder til å benytte seg av kosmetisk kirurgi. Med andre ord løser man ikke

problemet, men forflytter det. Dette medlem mener det er nødvendig å utrede nærmere i hvilken grad og i hvilket omfang markedsføring av kosmetisk kirurgi kan og bør reguleres, og viser i den forbindelse til Dokument 8:187 S (2017–2018), jf. Innst. 344 S (2017–2018) og Dokument 8:174 S (2017–2018), jf. Innst. 348 S (2017–2018), hvor Stortinget blant annet gjorde følgende vedtak:

«Stortinget ber regjeringen utrede innstramming i reguleringen av kommersiell markedsføring av kosmetisk kirurgi, særlig reklame som bidrar til usunt kroppsideal og som også når barn og unge.»

«Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av og fremme forslag om regulering av tilbud og bruk av kosmetiske injeksjoner. Aldersbegrensninger, krav til behandlere og lokaliteter må være del av denne. Videre må sanksjonsmuligheter tydeliggjøres. Forbud mot markedsføring av kosmetiske injeksjoner og mot bestilling og bruk i private hjem bør være del av beslutningsgrunnlaget som fremlegges for Stortinget.»

Dette medlem merker seg at statsråd Bent Høie i svar på et skriftlig spørsmål fra representanten Kari Henriksen fra Arbeiderpartiet, datert 23. januar 2020, opplyser om at det i løpet av 2020 skal sendes ut høringsnotat som følger opp disse anmodningsvedtakene.

7. Digital kompetanse, deltakelse og tilgang

7.1 Sammendrag

7.1.1 Status for digital kompetanse og deltaking i Noreg

Noreg er eit av dei fremste landa i verda når det gjeld tilgang på IKT-utstyr og tilgang til og bruk av internett. 90 pst. av innbyggjarane i aldersgruppa 9–79 år brukte internett dagleg i 2017.

Digital kompetanse og deltaking er ein viktig føresetnad for å oppnå verdiskaping i eit stadig meir digitalt samfunn. I tillegg er slik kompetanse og deltaking med på å sikre demokratiet, ved at alle innbyggjarar kan gjere informerte val og orientere seg om ulike samfunns-spørsmål. Digital kompetanse er også ein føresetnad for å kunne fungere som forbrukar i den digitale økonomien. Tiltak for å auke den digitale kompetansen til innbyggjarane er viktige for å hindre digital utanforskap og sikre at flest mogleg blir trygge og sjølvstendige digitale brukarar. Derfor er styrkt digital kompetanse og deltaking ei av hovudprioriteringane i IKT-politikken til regjeringa. Dette blei framheva i Meld. St. 27 (2015–2016) Digital agenda for Norge. I kjølvatnet av denne stortingsmeldinga har regjeringa sett i gang fleire tiltak for å styrkje den digitale kompetansen til innbyggjarane. Dei viktigaste tiltaka er omtalte i meldinga.

7.1.2 Tilgang til og universell utforming av IKT

Digitalisering og nedbygging av manuell tenesteyting aukar kravet til sjølvhjelp. Det blir i aukande grad forventat at alle forbrukarar skal hjelpe seg sjølve via ein skjerm, anten det er i banken, butikken eller på bussen. Når stadig fleire løysingar baserer seg på digital sjølvhjelp, vil enkelte grupper oppleve redusert tilgang.

UNIVERSELL UTFORMING AV IKT

Universell utforming handlar om å utforme produkt og omgivnader slik at alle menneske kan bruke dei, i så stor utstrekning som mogleg, og utan at ein treng tilpassing eller spesielt utstyr. Det finst mange døme på næringsdrivande som legg vekt på universell utforming av løysingane sine. Det finst også lovgiving som set krav om universell utforming av IKT for både private og offentlege verksemder.

Likevel er det framleis ei utfordring at mange nettsider og IKT-produkt ikkje er universelt utforma.

«Handlingsplan for universell utforming 2015–2019» frå regjeringa følgjer opp mange viktige samfunnsområde, men legg hovudvekt på IKT og velferdsteknologi. Handlingsplanen inneheld mellom anna tiltak for auka tilsyn med verksemder knytt til universell utforming av IKT, forbrukarinformasjon om kvardagsteknologi og praktiske løysingar, i tillegg til standardisering av brukargrensesnitt og infrastruktur for kvardagsteknologi.

I europeisk samanheng ligg Noreg langt framme i arbeidet med universell utforming av IKT. EU vedtok i oktober 2016 direktivet «Web Accessibility Directive» (WAD). Direktivet stiller krav om tilgang til nettsider og mobilappar. Den nasjonale reguleringa i Noreg byggjer på felles regulering av både offentleg og privat sektor, og Noreg oppfyller allereie mange av krava i direktivet. Sidan dette direktivet er eit minimumskrav, kan Noreg føre vidare den sterke norske lovgivinga på feltet.

Regjeringa vil fortsetje arbeidet med å fremje universell utforming av IKT. Det vil mellom anna vere viktig å fortsetje med tilsyn og statusmålingar på feltet. Frå 2021 skal alle offentlege og private nettstader vere universelt utforma. Regjeringa forventar at private og offentlege verksemder innrettar seg etter desse reglane.

7.1.3 Helse- og velferdsteknologi

Det blir utvikla mange nye digitale produkt og tenester som er spesielt retta mot forbrukarar i sårbare livssituasjonar, og som kan vere med på å heve livskvaliteten deira. Dette gjeld til dømes tryggleiksalarmar, digitale blodtrykkmålarar og mobilappar som overvaker helsedata. Helse- og velferdsteknologi har tradisjonelt vore sterkt knytt til den offentlege helse- og omsorgssektoren, men er no også breitt tilgjengeleg på den kommersielle marknaden.

Den store tilgangen til informasjon og høvet til å utføre eigenmålingar og sjølvtesting krev samstundes kunnskap hos både forbrukarar, pasientar og helsepersonell om korleis ein bruker løysingane, vurderer kvaliteten på informasjonen og tolkar råda og måleresultata.

For forbrukarar som kjøper helse- og velferdsteknologi, er det i tillegg viktig å vere merksame på korleis dei digitale hjelpemidla varetek personvernet og IKT-tryggleiken. Teknologien gjer at sensitive opplysingar om helse og sjukdom kan lagrast og brukast på ulike måtar. Regjeringa vil arbeide for å styrkje kunnskapen dei næringsdrivande har om dei nye personvernreglane. Regjeringa vil også arbeide for å styrkje IKT-tryggleiken i tilkopla produkt, som mange produkt innan helse- og velferdsteknologien er eit døme på.

7.1.4 Regjeringa vil

- fortsetje arbeidet med å styrkje den digitale kompetansen og deltakinga i befolkninga
- utarbeide ein ny handlingsplan for universell utforming i 2020
- leggje til rette for å etablere ein portal for kvardagsteknologi, som skal synleggjere dei praktiske hjelpemidla som finst på forbrukarmarknaden.

7.2 Komiteens merknader

Komiteen mener at Norge er et foregangsland i internasjonal sammenheng når det gjelder tilgang til internett, bruken av det og tilgang til IKT-utstyr. Tall fra 2017 viser at 90 pst. av innbyggerne i aldersgruppen 9–79 år brukte internett daglig. Det er oppløftende tall.

Komiteen er enig med regjeringen i at det er viktig å styrke den digitale kompetansen til innbyggerne og deltakelsen for å hindre digital utenforskap. I så henseende er universell utforming viktig, og komiteen registrerer at alle offentlige og private nettsteder skal være universelt utformet fra 2021.

Komiteen viser til at helse- og velferdsteknologi er i rask utvikling. Helseverktøy, slik som mobilapper, er for mange viktige verktøy som gir informasjon og motivasjon ved livsstilsendring eller sykdomsoppfølging. Vi har apper for trening, kosthold, prevensjon og diabetesoppfølging. Produkter innen treningsteknologi måler blant annet hjerterytme, puls og kroppstemperatur og gir avanserte tilbakemeldinger om søvnkvalitet, løpeteknikk, dietter m.m. Slike apper generer store mengder sensitive brukerdata, og det finnes per i dag ingen overordnet kvalitetssjekk av disse verktøyene. Komiteen mener vi trenger gode kvalitetskontroller av slike digitale helseverktøy. Det kan bidra til å sikre at sensitive brukerdata ikke kommer på avveie eller havner hos uvedkommende.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kris-

telig Folkeparti, mener at morgendagens omsorgstjeneste må legge til rette for at brukerne i større grad blir en ressurs i eget liv. Flertallet peker på regjeringsplattformen for perioden 2017–2021, hvor det står at regjeringen vil legge til rette for at flere kommuner tar i bruk velferdsteknologi. Flertallet viser til at det i dag blir utviklet mange nye digitale produkter og tjenester som er spesielt rettet mot forbrukere i sårbare livssituasjoner. Velferdsteknologi gir eldre mulighet til å bevare livskvalitet, mestring og selvstendighet lenger. Det gir også eldre mulighet til å bo hjemme lenger. Økt bruk av velferdsteknologi er en av flere faktorer som kan bidra til en bærekraftig omsorgstjeneste i framtiden. Flertallet viser til at Nasjonalt velferdsteknologiprogram har som mål at velferdsteknologi skal være en integrert del av tjenestetilbudet i omsorgstjenestene innen 2020. Videre viser flertallet til tilskuddsordningen Omsorgsplan 2020 – Implementering av velferdsteknologi. Fylkesmennene forvalter tilskuddsordningen i samarbeid med Helsedirektoratet, og kommunene kan søke på ordningen. Flertallet understreker at kommunene har et viktig ansvar i å ta i bruk velferdsteknologi i sine tjenester for å sikre sine innbyggere gode og bærekraftige omsorgstjenester i fremtiden.

Videre vil flertallet peke på at teknologi vil være en viktig faktor for å motvirke ensomhet. Flertallet viser til at regjeringen følger opp Folkehelsemeldingen (Meld. St. 15 (2017–2018) Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre) ved at det er opprettet en tilskuddsordning for å utvikle og prøve ut teknologisk verktøy for å mobilisere eldre og pårørende på måter som kan motvirke ensomhet og styrke det sosiale nettverket. Tiltaket skal legge til rette for møteplasser og samhandling mellom generasjoner for eksempel gjennom tilbud om datahjelp fra unge til eldre mennesker. Resultatene så langt viser at eldre kan bli mindre ensomme ved å få opplæring i informasjonsteknologi. En positiv effekt er at de føler seg mer inkludert i samfunnet når de mestrer digitaliserte ordninger som banktjenester og selvangivelse.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at digitaliseringen har store konsekvenser for deltakelse i markedet, i demokratiet og i samfunnet generelt. Tilgang og deltakelse blir i større grad basert på hvor god digital kompetanse man har. Disse medlemmer mener det derfor er kritisk å forebygge digitalt utenforskap for å hindre utenforskap og sikre alle like muligheter.

Disse medlemmer vil påpeke at noen grupper er særlig sårbare for digitalt utenforskap. Dette gjelder eldre personer spesielt, men også andre grupper som fengselsinnsatte med lange dommer og i noen tilfeller innvandrere. Andre grupper, som personer med nedsatt

funksjonsevne, er sårbare ikke på grunn av kompetanse, men på grunn av strukturelle hindringer for tilgangen til digitale flater. Disse medlemmer mener derfor at det finnes to problemstillinger som må løses. Den ene er å sørge for at alle har den nødvendige digitale kompetansen for å kunne ha mulighet til å delta på digitale flater. Den andre er å sørge for at de digitale flatene er utformet på en slik måte at alle har reell tilgang.

Disse medlemmer viser til at digitalt utenforskap ikke bare er et sosialt problem. Når digitaliseringen av velferdsstaten i økende grad beror på at man er avhengig av digital kompetanse, kan digitalt utenforskap i ytterste konsekvens føre til at man ikke får hentet ut sine rettigheter.

Disse medlemmer savner tiltak for å sikre personer som er sårbare for digital inkompetanse.

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen identifisere grupper som er spesielt sårbare for digitalt utenforskap og digital inkompetanse, og foreslå tiltak som sørger for at alle har den digitale kompetansen som trengs for å sikre dem muligheter og tilgang til digitale flater.»

Disse medlemmer registrerer at ifølge regjeringen skal alle offentlige og private nettstedet være universelt utformet fra 2021. Disse medlemmer mener at dette er en god ambisjon, og er glad for at regjeringen fastslår dette. Disse medlemmer vil imidlertid påpeke at tilsynsmyndighetene for universell utforming av IKT i Difi for kun 14 måneder siden fant at mange norske nettsteder – både offentlige og private – bryter loven om universell utforming. Samlet sett oppnår virksomhetene kun 60 pst. av totalt oppnåelig resultat i målingen. Målingen gjelder offentlige nettsteder som forvalter grunnleggende rettigheter, som Nav, politiet, Skatteetaten, Statens vegvesen, Stortinget og flere kommuner. Målingen gjelder også store private institusjoner som de største bankene, samferdselsforetakene, mediehusene og varehandelkjedene i Norge.

Disse medlemmer viser til at tilsynsmyndighetene i dag kan gi pålegg om retting, og hvis rettingen ikke skjer innen fristen, kan tilsynsmyndighetene gi bøter. Disse medlemmer er bekymret for at dagens virkemidler ikke er sterke nok til at alle offentlige og private nettsteder skal være universelt utformet fra 2021.

På denne bakgrunn vil disse medlemmer fremme følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvorvidt tilsynsmyndighetene for universell utforming burde få sterkere virkemidler, og komme tilbake til Stortinget med sak på egned vis.»

8. Netthandel og digital forbrukerinformasjon

8.1 Sammendrag

8.1.1 Forbrukarrettar

Tal frå SSB viser at talet på nordmenn som handlar på nett, har vore relativt stabilt dei siste åra. Omsetninga til nettbutikkane aukar likevel kraftig.

Felleseuropeiske tilsynsaksjonar har vist at ein stor del av nettbutikkane som blir sjekka, ikkje følgjer lovverket.

For at forbrukarane skal kunne gjere gjennomtenkte val, er det viktig at næringsdrivande gir forbrukarane korrekte og fullstendige opplysingar på dei ulike stega i bestillingsprosessen. For at dette skal skje, må næringsdrivande som driv netthandel, ha tilgang til god informasjon om sentrale forbrukarvernreglar. Tilsyn med at næringsdrivande følgjer forbrukarvernreglane ved netthandel, er også viktig.

8.1.2 Villeiande brukaromtalar

Marknadsføringsmetodane ved netthandel forandrar seg i takt med teknologien. Forbrukarane sine egne erfaringar og synspunkt blir no brukte som ein del av marknadsføringa, i form av brukaromtalar.

Brukaromtalar gir i utgangspunktet inntrykk av å vere oppfatningane til andre forbrukarar. Dessverre skjer det at brukaromtalar blir manipulerde og brukte til å villeie.

For å klargjere regelverket rundt brukaromtalar i marknadsføring har Forbrukartilsynet vore med på å utarbeide rettleiingar og internasjonale prinsipp om god praksis når det gjeld brukaromtalar. Forbrukartilsynet har også utarbeidd ei eiga norsk rettleiing til næringsdrivande om krav som følgjer av marknadsføringslova ved innsamling, handsaming og publisering av brukaromtalar.

8.1.3 Nettsvindel og abonnementsfeller

Nettsvindel i form av useriøse nettbutikker og abonnementsfeller er også ei forbrukarutfordring ved netthandel. Dei aller fleste av dei falske nettbutikkane er etablerte i utlandet og er vanskelege å få stoppa.

Ved såkalla «abonnementsfeller» blir forbrukarane leia inn i abonnement utan at dei oppfattar at det er dette som skjer. Dei fleste av desse næringsdrivande er etablerte i land utanfor Europa, og det er derfor vanskeleg å finne effektive verkemiddel for å kunne stanse lovbrota.

Regjeringa vil arbeide vidare for å hindre at forbrukarane blir lurte ved netthandel. Forbrukartilsynet vil mellom anna utvikle fleire informasjonstiltak retta mot forbrukarane. I tillegg vil arbeidet med tilsyn og rettleiing på digitalområdet stå sentralt. Regjeringa vil også leggje til rette for eit effektivt internasjonalt tilsynssam-

arbeid gjennom forordninga om forbrukarvernsamarbeid, for å sikre rettane til forbrukarane på nettet.

8.1.4 Digital forbrukarinformasjon

Digital teknologi har opna for nye moglegheiter når det gjeld kostnadseffektiv innsamling, prosessering og formidling av data. Dette har mellom anna ført til utvikling og framvekst av både offentlege og private samanlikningstenester for forbrukarane, der ein kan samanlikne varer og tenester etter pris, kvalitet eller andre parametarar.

PRIVATE SAMANLIKNINGSTENESTER

Regjeringa er positiv til private samanlikningstenester, men støttar samstundes internasjonalt arbeid for at dei skal bli meir transparente og gi ei mest mogleg rettferdig rangering av varene og tenestene dei samanliknar. I forslagspakka «A New Deal for Consumers» frå EU-kommisjonen blei det føreslått reglar som skal sikre forbrukarane betre informasjon om mellom anna kva for kriterium som ligg til grunn for rangeringa av søkjerestultata, og om den dei handlar med, er næringsdrivande eller forbrukar. Noreg utarbeidde saman med EØS/EFTA-partnarane Island og Liechtenstein ein felles posisjon med støtte til forslaga, men med tilråding om å styrkje forbrukarvernet ytterlegare. I kompromisset som partane blei einige om i mars, er forbrukarvernet styrkt. Regelverket blir venteleg formelt vedteke i løpet av 2019.

OFFENTLEGE MARKNADSPORTALAR

Forbrukarrådet har ansvaret for å utvikle dei fleste av portalane som er oppretta i offentlig regi. Rådet driv i dag tre marknadsportalar: finansportalen.no, hvakostertannlegen.no og strømpris.no.

Fordelen med marknadsportalar i offentlig regi er at ein i større grad kan sikre nøytralitet, transparens og at tenesta i størst mogleg utstrekning kan dekkje heile marknaden.

Frå eit konkurranseperspektiv er det både positive og negative sider ved utviklinga av slike verkty. På den eine sida får forbrukarane betre informasjon, og søkjekostnadene deira går ned. Dette vil i utgangspunktet indikere at konkurransen blir styrkt. På den andre sida vil konkurransen kunne bli svekt av at konkurrentane får tilgang til den same informasjonen. Når tilbydarane i ein marknad får fullstendig oversikt over prisar, kan det føre til stillteiande prissamarbeid. I ein rapport frå konsulentselskapet Menon Economics frå september 2018 framhevar dei at det offentlege kan vurdere å etablere marknadsportalar når følgjande kriterium er oppfylte:

1. Konkurransen i marknaden er dårleg på grunn av store søkjekostnader.
2. Det finst ikkje gode private løysingar.
3. Det er ikkje fare for koordinerte effektar.

4. Preferansane til forbrukarane er mest mogleg ein-dimensjonale og homogene.

Regjeringa vil føre vidare dei eksisterande offentlege marknadsportalane i Forbrukarrådet. Dei ovan-nemnde kriteria vil liggje til grunn når ein skal vurdere å opprette nye slike portalar.

8.1.5 Regjeringa vil

- fortsetje arbeidet med å sikre trygg netthandel for forbrukarane, mellom anna ved hjelp av informasjonstiltak retta mot forbrukarar og næringsdrivande
- prioritere tilsyn med næringsdrivande når det gjeld marknadsføring og sal av varer og tenester til forbrukarar på nettet, som ein del av styrkinga av Forbrukartilsynet i 2019
- leggje til rette for eit effektivt internasjonalt tilsyns-samarbeid gjennom forordninga om forbrukarvernsamarbeid
- støtte opp om internasjonale initiativ som skal vere med på å sikre meir openheit og transparens i private samanlikningstenester
- vidareføre og vidareutvikle dei offentlege marknadsportalane i Forbrukarrådet.

8.2 Komiteens merknader

Komiteen viser til at netthandel har hatt en sterk vekst i Norge. I perioden 2012–2018 økte norske forbrukeres handel av varer fra fysiske butikker med 16 pst., mens veksten i handelen fra utenlandske og norske nettbutikker har vært på henholdsvis 160 pst. og 99 pst. Komiteen er positiv til at regjeringen fra 1. januar 2020 fjerner grensen på 350 kroner for momsfri handel fra utenlandske nettbutikker. Det betyr blant annet at norske bedrifter kan konkurrere på like vilkår og slik sett motvirke den konkurransevridende effekten momsfritaket har hatt.

Komiteen mener at netthandel er en god mulighet for forbrukere til å få enkel tilgang til mange produkter, varer og tjenester. Samtidig byr det på utfordringer som falske nettbutikker, villedende brukeromtaler og manglende opplysninger om pris, rettigheter eller klage-muligheter. Komiteen deler regjeringens vurderinger hva gjelder å forhindre at forbrukere blir lurt ved netthandel. Komiteen mener det er viktig å prioritere arbeidet med å sikre trygg netthandel. Komiteen registrerer at regjeringen vil prioritere tilsyn med næringsdrivende når det gjelder markedsføring og salg av varer og tjenester over nett til forbrukere.

Komiteen viser til at markedsportaler er nyttige verkty for forbrukere før en eventuell kjøpsbeslutning tas. Gjennom markedsportalene får forbrukeren korrekt, oppdatert og sammenlignbar informasjon om produkter og tjenester. Komiteen ser verdien av å ha

markedsportaler og viser til at regjeringen vil videreføre og videreutvikle de offentlige markedsportalene som Forbrukerrådet har ansvaret for.

Komiteen viser videre til at det skal jobbes aktivt med å legge til rette for effektivt internasjonalt tilsyns-samarbeid gjennom forordningen om forbrukervern-samarbeid.

9. Tilgang til bredbånd med høy hastighet

9.1 Sammendrag

9.1.1 Oversikt

Noreg toppar internasjonale samanlikningar over internettilgang, og dei norske mobilnetta har blitt kåra til dei raskaste i verda. Enkelte forbrukarar opplever likevel nokre utfordringar knytte til tilbodet av fast og mobilt breiband:

- Tilgangen til breiband med høg hastighet er ikkje like god i heile landet.
- Det er avgrensa valfridom av tilbydarar med dei høgaste hastighetene i enkelte delar av landet.
- Forbrukarar opplever lange bindingstider og manglande individuell tilpassing i bustadsamanslutningar som burettslag og sameige.
- Konkurransen i mobilmarknaden er ikkje like god som i dei andre nordiske landa, og det fører til at norske forbrukarar må betale meir for mindre data.
- Forbrukarane kan ha utfordringar med å få god oversikt over tilboda av fast breiband.

Regjeringa legg til grunn ein marknadsbasert og teknologinøytral breibandspolitikk. Det skal framleis leggjast til rette for effektiv konkurranse og marknadsbasert utbygging gjennom effektiv regulering av sektoren. Regjeringa har som mål at alle husstandar skal ha tilbod om breiband med høg hastighet på lang sikt. Regjeringa vil også arbeide for betre forbrukarinformasjon i breibandsmarknaden.

Regjeringa har vedteke at det såkalla 700 MHz-bandet skal brukast til mobilkommunikasjonstenester i framtida. 700 MHz-bandet har gode dekningssegenskapar og er også ein av ressursane som er utpeikte for framtidig utbygging av 5G, som er den nye generasjonen mobilnett. Regjeringa har samstundes vedteke at ledige frekvensar i det såkalla 2,1 GHz-bandet også skal bli tildelte. Dette vil gi meir kapasitet for mobilt breiband. Regjeringa ønskjer å tildele frekvensar i begge banda til kommersielle aktørar i mobilmarknaden i 2019 gjennom ein auksjon. Regjeringa vil innrette rammene for tildeling av frekvensressursar til mobiltenester med sikte på å leggje til rette for tre mobilnett og auka konkurranse i mobilmarknaden.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har hovudansvaret for breibandspolitikken, og verkemid-

del på dette området omfattar regulering, frekvensforvalting og tilskot til teletryggleik, teleberedskap og breibandsutbygging. Ansvaret for tilskotet til breibandsutbygging skal overførast til fylkeskommunane frå og med 2020. Breibandsmarknaden er framleis i rask utvikling og sterkt prega av teknologiske og marknadsmessige endringar. I delar av marknaden treng ein framleis regulering for å leggje til rette for berekraftig konkurranse og for å fremje sikre, gode, rimelege og framtidsretta tenester. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) følgjer opp konkurransereguleringa i sektoren gjennom analysar og vedtak i dei relevante marknadene, i tillegg til effektiv og tenleg forvalting av frekvensressursane.

9.1.2 Regjeringa vil

- arbeide for at alle husstandar skal ha tilbod om breiband med høg hastighet på lang sikt
- leggje til rette for betre private samanlikningstenester i breibandsmarknaden
- leggje til rette for eit tredje nett og berekraftig konkurranse i marknaden for mobiltenester.

9.2 Komiteens merknader

Komiteen viser til at det i meldingen gis en statusrapport vedrørende tilgang på fast og mobilt bredbånd og forbrukerutfordringer.

Komiteen viser videre til at regjeringen vil fortsette med å legge til rette for konkurranse og markedsbasert utbygging gjennom effektiv regulering av sektoren. Komiteen er enig med regjeringen i at alle skal ha tilbod om høyhastighetsbredbånd.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti viser til at Norge har svært god mobil- og bredbånddekning. Ifølge siste dekningsundersøkelse (2019), gjennomført på oppdrag for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom), har nær 100 prosent av husstandene et grunnleggende bredbåndstilbud, enten i form av fast eller mobilt bredbånd. 86 prosent av husstandene har tilbod om høyhastighets bredbånd (100 Mbit/s eller mer), mot bare 63 prosent i 2013.

Disse medlemmer understreker at gode bredbåndstjenester er viktig for å skape vekst og levende lokalsamfunn i hele landet. Disse medlemmer viser til at Norge har mobil- og bredbåndsnett i verdensklasse, men at det fortsatt er områder i distriktene som er helt uten et tilfredsstillende tilbud. Derfor er disse medlemmer tilfreds med at regjeringen høsten 2019 sendte et forslag på høring om å innføre lov hjemmel for leveringsplikt for bredbånd. Forslaget innebærer at myndighetene kan pålegge én eller flere tilbydere leveringsplikt, slik at alle husstander og bedrifter over hele landet får rett til grunnleggende bredbåndstjenester.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at forbrukermeldingen understreker at tilgangen til bredbånd med høy hastighet ikke er like god over hele landet, og at dette får konsekvenser for forbrukere og næringsliv, spesielt i distriktene.

Disse medlemmer vil at folk skal kunne bo og jobbe i hele landet. Derfor må bredbåndsutbygging i distriktene prioriteres.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser til Arbeiderpartiets alternative budsjett for 2020, der det ble foreslått 243,9 mill. kroner til bredbånd ut over regjeringens forslag. Dette vil utjevne ulikhet og sikre lik tilgang til varer og tjenester på digitale plattformer i hele Norge.

Komiteens medlem fra Senterpartiet viser til partiets alternative budsjett for 2020, hvor det foreslås en økning på 244 mill. kroner til bredbåndsutbygging ut over regjeringens forslag.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti mener det er bra at Norge har kommet langt i utbyggingen av bredbånd med høy hastighet til befolkningen. Dette medlem vil imidlertid påpeke at dette bare skulle mangle, gitt at Norge er et av de rikeste landene i verden per innbygger. Videre mener dette medlem at det er problematisk at det fortsatt er områder hvor tilgangen på bredbånd med høy hastighet ikke er god nok. Derfor er dette medlem glad for at regjeringen vil arbeide for at alle husstander skal ha tilbud om bredbånd med høy hastighet på sikt. Likevel savner dette medlem en konkret, tydelig og forpliktende plan om hvordan dette skal sikres. Dette medlem er bekymret for at den uforpliktende holdningen i meldingen legger opp til at det vil ta altfor lang tid å sikre høyhastighetsbredbånd til hele befolkningen. Dette medlem mener det er et offentlig ansvar å sørge for at alle har bredbånd med tilstrekkelig høy hastighet for å delta i det moderne felleskapet.

På denne bakgrunn vil dette medlem foreslå følgende:

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre en utredning om hvordan man kan sikre at alle husstander skal ha tilbud om høyhastighets bredbånd gjennom fiber-nettet innen fem år, og komme tilbake til Stortinget med sak om dette.»

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at Telenor har varslet at de vil fase ut kobbernettet helt, noe som vil gi enda dårligere tilgang på bredbånd for flere så lenge det ikke er et alternativ på plass. Derfor viser disse medlemmer til Innst. 104 S (2019–2020), hvor re-

presentanter fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet fremmer forslag om å pålegge Telenor å opprettholde og vedlikeholde kobbernettet inntil en konsekvensutredning er gjennomført.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet, Senterpartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti, viser til at Norge er et av to land i Europa med kun to landsdekkende mobilnett. Følgen av svak konkurranse er unødvendig dårlige vilkår for forbrukerne. Ved utgangen av første halvår 2019 sto de to etablerte aktørene for hele 91 pst. av omsetningen i sluttbrukermarkedet. Mobilmarkedet preges av svak konkurranse med høye priser og små datapakker. Hovedårsaken til det er, ifølge de regulatoriske myndighetene, manglende infrastrukturkonkurranse. Flertallet viser til tidligere vedtak i Stortinget om etablering av minst tre mobilnett og oppfordrer regjeringen til å ta i bruk tilgjengelige regulatoriske virkemidler for å nå målet raskest mulig. Myndighetene bør gjennom reguleringen av mobilmarkedet redusere etableringshindre, sikre samlokalisering av utstyr i mobilmaster og åpne for prismodeller som gjør det mulig for en utbygger av et tredje mobilnett å delta effektivt i konkurransen i utbyggingsperioden.

10. Forbrukerutfordringer på kredittmarkedet

10.1 Sammendrag

10.1.1 Innledning

Regjeringa ser med uro på veksten i marknaden for usikra forbrukskreditt og har starta ei rekkje tiltak for å få denne marknaden til å fungere betre.

Regjeringa vil arbeide for ein forsvarleg utlånspraksis av usikra forbrukskreditt og mindre press i marknadsføringa av denne typen kredittar. Forbrukarar i ein sårbar livssituasjon skal ikkje bli freista til å ta opp dyr kreditt som seinare vil setje dei i ein vanskeleg økonomisk situasjon.

10.1.2 Utviklingstrekk

GJELDSSITUASJONEN I NORSKE HUSHALD

Per i dag har norske hushald i gjennomsnitt ei gjeld som svarer til meir enn to gonger den disponible inntekta. Det er høgt både historisk og samanlikna med andre land. Særleg yngre hushald har høg gjeld i høve til inntekta. Den usikra forbruksgjelda til innbyggjarane utgjer no meir enn 110 mrd. kroner, og om lag halvparten av denne summen er kredittkortgjeld.

Gjennomsnittsrenta på usikra forbrukskreditt har ifølgje Noregs Bank lege stabilt på rundt 13–14 pst. sidan 2005.

Finansdepartementet vedtok 12. februar 2019 ei forskrift med krav til utlånspraksisen bankane har for forbrukslån. Målet med forskrifta er å dempe risikoen som den aukande forbruksgjelda til norske hushald utgjør for norsk økonomi.

UTVIKLING I GJELDSPROBLEM

Utviklinga i inkassosaker og utleggsforretningar, pluss pågangen etter gjeldsrådgivingstenester hos Nav, tyder på at stadig fleire forbrukarar har problem med tilbakebetaling. Inkassoselskapa fekk over 8,6 millionar nye inkassosaker i 2017, noko som svarer til ein årleg auke på ni prosent sidan 2012. Dei siste to åra har ein dessutan sett ein klar auke i talet på forbrukslån som går til inkasso. Aldersgruppa med flest forbrukslån til inkasso er dei mellom 25 og 30 år. Også omfanget av utleggsforretningar – det vil seie saker der namsmannen stiftar pant, trekkjer inntekt eller ikkje finn noko å ta utlegg i – har auka kraftig dei siste åra. Talet er nesten dubla sidan 2006, og i 2016 var det omtrent 350 000 utleggsforretningar. Pågangen etter gjeldsrådgivingstenester hos Nav har vore stabilt høg og auka jamleg. Om lag 16 000 personar fekk rådgiving i 2016, og rundt 9 000 personar tok kontakt med Nav via økonomirådtelefonen. Talet på saker etter gjeldsordningslova har likevel gått ned etter toppen i 2011, då det blei opna gjeldsforhandling for om lag 3 400 personar. I 2017 var talet om lag 2400. Saksmengda i 2018 var noko lågare.

Regjeringa følgjer nøye med på korleis gjeldssituasjonen i hushalda utviklar seg. Meldinga gjer greie for nokre viktige utfordringar som hushalda har på kredittområdet, og korleis regjeringa vil jobbe med desse framover. Søkelyset er særleg retta mot utfordringar knytte til uheldig opptak av usikra forbrukskreditt, då ein ser at denne typen gjeld har problematiske sider – spesielt for hushald som slit med å betale gjelda si.

REGULERING AV KREDITTAVTALER I NY FINANSAVTALELOV

Eit utkast til ny finansavtalelov var på høyring fram til 15. desember 2017. Med utgangspunkt i dette utkastet og innspela frå høyringa arbeider regjeringa no med ein lovproposisjon med forslag til endringar som samla vil styrkje forbrukarvernet ved inngåing av kredittavtaler.

Etter at forslaget til ny finansavtalelov har blitt lagt fram for Stortinget, vil regjeringa sjå nærare på om ein treng strengare reglar for marknadsføring av kreditt, reglar om rett til kontant betaling, avtalereglar om såkalla «folkefinansiering» og reglar om leigefinansiering ved til dømes privatleasing av bil.

10.1.3 Utfordringar og tiltak

STORT OMFANG AV KREDITTMARKNADSFØRING

Det er grunn til å sjå den kraftige veksten i usikra kreditt i samanheng med den omfattande marknadsføringa.

Regjeringa har gjennom ei ny forskrift stramma inn på reglane for kredittmarknadsføring. Målet har vore å hindre at forbrukarar i ein sårbar livssituasjon blir freista til å ta opp dyr kreditt som seinare vil setje dei i ein vanskeleg økonomisk situasjon.

Forbrukartilsynet har rapportert at omfanget og presset i marknadsføringa ikkje ser ut til å ha blitt mindre etter at forskrifta blei innført.

Etter at forslaget til ny finansavtalelov har blitt lagt fram for Stortinget, vil regjeringa sjå nærare på om ein treng strengare reglar for marknadsføring av kreditt.

HYPPIG BRUK AV FORENKLA KREDITTVURDERINGAR

I dag er det enkelt å skaffe seg forbrukslån, ikkje berre frå ein långivar, men frå fleire. Dette har samanheng både med korleis kredittvurderinga blir utført og det faktum at utlånarane ikkje har informasjon om kunden si eksisterande forbruksgjeld.

Regjeringa vil i den nye finansavtalelova mellom anna føreslå ein regel om at kredittytaren skal gjere ei forsvarleg kredittvurdering på grunnlag av opplysingar frå kunden sjølv og andre relevante kjelder (t.d. gjeldsinformasjonsføretak). Vurderinga bør ta utgangspunkt i om kunden har økonomisk evne til å betale tilbake lånet etter dei vilkåra som er føreslåtte, inkludert ved ein tilsvarande rentemargin som for bustadlån. Ein bør ikkje kunne basere vurderinga på kredittscore aleine.

Regjeringa vil også føreslå at resultatet av kredittvurderinga skal formidlast til kunden i form av eit «trafikklyssystem».

Regjeringa vil følgje med på utviklinga på marknaden for forbrukslån og vurdere behovet for ytterlegare regulering for å bidra til at slike lån blir gitte på ein forsvarleg måte.

SVAKHEITER I FORBRUKARVERNET VED MISLEGHOLD

Inkassolova byggjer på ein vanskeleg balansegang mellom omsynet til effektiv innkrevjing på den eine sida og omsynet til rettstryggleik for skuldnaren på den andre sida.

Justis- og beredskapsdepartementet sette i oktober 2018 ned ei arbeidsgruppe som skal utgreie endringar i inkassoregelverket. Regelverksarbeidet har som mål å redusere inkassosalæra og sikre at inkassosakene blir handsama på ein forsvarleg måte.

I fleire europeiske land har ein innført rentetak. Rentetak er ei form for prisregulering av kreditt, der det blir sett ei grense for kor høg nominell eller effektiv rente eit lån kan ha. Målet med rentetak er å verne forbru-

karar mot høge kostnader ved misleghald og å bidra til ein meir restriktiv utlånspraksis som skal hindre at sårbare grupper tek opp for mykje gjeld.

I nokre land der ein har innført rentetak, har ein valt å kombinere rentetaket med eit tak på dei samla kostnadene ved lånet – eit såkalla kostnadstak. Eit kostnadstak skal hindre at forbrukarar med betalingsproblem får urimeleg høge kostnader og ein ukontrollert gjeldsvekst ved langvarig misleghald.

I finansmarknadsmeldinga for 2019 la regjeringa fram ei utgreiing av ulike typar modellar for rentetak. I tillegg blir moglegheitene for å regulere kostnadstak drøfta. Konklusjonen er at ein ikkje bør innføre rentetak eller kostnadstak på forbrukslån no. Regjeringa legg særleg vekt på at desse tiltaka ikkje vil vere treffsikre nok til å forsvare faren for uønskte konsekvensar, slik den norske marknaden ser ut i dag.

Regjeringa følgjer utviklinga i marknaden for forbrukslån og effektane av innførte tiltak nøye, og vil vurdere om det er naudsynt med ytterlegare regulering. Stortinget vil få ei oppdatert orientering i finansmarknadsmeldinga for neste år.

PRESS PÅ OFFENTLEGE HJELPETENESTER

Det er eit forbrukarpolitisk mål å leggje til rette for at hushalda kan meistre økonomien sin.

Tilbodet om økonomisk rådgiving ligg hos Nav-kontora i kommunane. Mange kommunar har eigne gjeldsrådgivarar. Ved sida av det offentlege tilbodet har det lenge funnest eit tilbod om gratis gjeldsrådgiving gjennom studentdrivne rettshjelptiltak og betalte, private gjeldsrådgivarar.

Økonomi- og gjeldsrådgiving er ein del av rettleiingsplikta som sosialtenesta har etter sosialtenestelova.

I 2017 fekk 13 790 sosialhjelpmottakarar økonomisk rådgiving som følgje av mellombelse eller varige betalingsvanskar, mens 16 707 personar fekk økonomisk rådgiving utan å ha stønad.

Det er gjennomført fleire tiltak for å betre kompetansen, kvaliteten og tilgangen når det gjeld tilbodet om økonomisk rådgiving og gjeldsrådgiving i kommunane.

Ved sida av den økonomiske rådgivinga ved Nav-kontora i kommunane har Nav ei landsomfattande telefoneneste for personar med økonomiske problem.

Gjeldsordningslova tredde i kraft 1. januar 1993. Siktemålet med lova er å gi personar med alvorlege gjeldsproblem høve til å få kontroll over eigen økonomi. I ei gjeldsordning skal skuldnaren sikrast eit rimeleg livsopphald og ein akseptabel bustad før resten av pengane blir fordelte på kreditorane. Saksmengda viser at det lenge har vore, og framleis er, eit stort behov for gjeldsordningslova.

Hittil har lova vore revidert to gonger, høvesvis i 2002 og i 2012. Regjeringa vil setje i gang eit arbeid med

å gå gjennom gjeldsordningslova med sikte på ein relativt omfattande revisjon.

Regjeringa vil arbeide vidare med å styrke samarbeidet mellom namsmennene og dei økonomiske rådgivarane hos Nav.

Regjeringa har også gått i gang med å samlokalisere sakshandsamarar i gjeldsordningssaker hos namsmennene for å skape større fagmiljø og betre sakshandsaming.

KUNNSKAP OM PERSONLEG ØKONOMI ER VIKTIG

Regjeringa har lenge arbeidd for å styrkje opplæringa i personleg økonomi. Temaet er godt dekt i læreplanane i skulen, både i dei noverande planane og i dei nye som blei sende på høyring i mars 2019. Det er også sett i gang ei rekkje initiativ for å styrkje opplæringa, delvis i samarbeid med private aktørar.

Regjeringa vil utarbeide ein strategi for å styrkje økonomiforståinga hos innbyggjarane. SIFO har derfor fått i oppdrag å lage ein analyse av korleis den økonomiske kunnskapen og erfaringsbakgrunnen til forbrukarane påverkar vala dei tek, og den økonomiske tryggleiken dei oppnår.

10.1.4 Regjeringa vil

- arbeide vidare for å verne forbrukarane betre på kredittmarknaden
- følgje med på utviklinga i marknaden for forbrukslån og vurdere behovet for ytterlegare regulering av marknaden
- førebyggje gjeldsproblem blant forbrukarane, mellom anna ved å utarbeide ein strategi for å styrkje økonomiforståinga hos innbyggjarane
- setje i gang eit arbeid med å gå gjennom gjeldsordningslova med sikte på ein relativt omfattande revisjon
- arbeide vidare med å styrkje samarbeidet mellom namsmennene og økonomiske rådgivarar i arbeids- og velferdsforvaltinga (Nav).

10.2 Komiteens merknader

Komiteen viser til kapitlet om forbrukerutfordringer på kredittmarkedet. Komiteen deler regjeringens bekymring over veksten i markedet for usikre forbrukslån. Det er også bekymringsfullt at utviklingen i inkassosaker tyder på at stadig flere forbrukere får problem med tilbakebetaling. Komiteen registrerer at utviklingen de siste to årene viser en klar økning i forbrukslån som går til inkasso. De med flest forbrukslån til inkasso er unge menneske i aldersgruppen 25–30 år.

Komiteen viser til at det i senere tid er iverksatt tiltak på finansområdet for å løse dette problemet. Eksempler på tiltak er forbrukslånsforskriften og gjeldsregisteret fra i år.

Komiteen merker seg at innstramming av reglene for kredittmarkedsføring foreløpig ikke har resultert i mindre markedsføring. Komiteen viser til at regjeringen i 2017 sendte ut på høring forslag til ny finansavtalelov. Arbeid med ny finansavtalelov pågår fortsatt, og regjeringen varsler at de vil se nærmere på om det er behov for strengere regler for markedsføring av kreditt.

Komiteen mener det er særdeles viktig med effektive tiltak for å stagnere utviklingen av usunn og uforvarlig høy forbruksgjeld blant nordmenn. Komiteen viser til at regjeringen presenterer ulike tiltak i meldingen med sikte på å verne forbrukere på kredittmarkedet og forebygge gjeldsproblemer.

Komiteen støtter opp under tiltak som skal bidra til å dempe kredittveksten, og vil i den anledning anmode regjeringen til å prioritere arbeidet med ny finansavtalelov.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser videre til Prop. 87 L (2016–2017), Innst. 356 L (2016–2017) om gjeldsinformasjonsloven, som Stortinget vedtok i 2017. Disse medlemmer mener gjeldsinformasjonsordningen er et viktig grep som vil bidra til å begrense gjeldsproblemer i private hushold. Disse medlemmer vil understreke at bankene må utvise mer ansvarlighet og ikke godkjenne forbrukslån til personer som har høy gjeld fra før. Disse medlemmer er glad for at gjeldsregisteret er i drift, og mener det er viktig å høste erfaringene fra registeret og videreutvikle det.

På denne bakgrunn fremmes følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med ny finansavtalelov klargjøre långiveres plikt til å innhente gjeldsopplysninger.»

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti, viser til at i tillegg til de tiltakene regjeringen har gjort for å dempe veksten i boligprisene, er det for å dempe gjeldsveksten i husholdningene også innført en rekke forbrukerbeskyttende tiltak som betydelige innstramminger på bankenes adgang til å gi forbrukslån, det er innført krav om maksimal avdragstid for forbrukslån på fem år, og i tillegg tiltak mot aggressiv markedsføring av forbrukslån, jf. Innst. 366 S (2018–2019). Flertallet viser til at regjeringen vil følge utviklingen i utlånsmarkedet tett og om nødvendig stramme inn ytterligere.

Flertallet viser til at gjeldsregistrene, som kom sommeren 2019, beskytter ytterligere mot uønsket vekst i usikret gjeld. Gjeldsoversikten omhandler i første omgang usikret gjeld eller forbruksgjeld, og flertallet vil bemerke at det bør vurderes om all gjeld skal legges inn i gjeldsregistrene på sikt, for raskt og effektivt

å kunne fremstille et mest mulig helhetlig bilde av den enkelte lånsøkers gjeldsgrad.

Flertallet fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen vurdere utvidelse av gjeldsinformasjonsordningen til å omfatte flere typer gjeld, for eksempel boliggjeld og studiegjeld, i forbindelse med planlagt evaluering i 2021.»

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser til merknader fra Arbeiderpartiets fraksjon i finanskomiteen i forbindelse med Finansmarkedsmeldingen, og vil understreke at det nasjonale gjeldsregisteret er nødvendig og viktig for å sikre en reell frarådingsplikt, særlig ved opptak av forbrukslån.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at dagens gjeldsregister ble innført så sent som i juli 2019, men at det både ble gjennomført en utredning av et offentlig gjeldsregister og fremmet et konkret forslag for Stortinget mange år tidligere. Dette ble trukket av den sittende regjeringen Solberg etter stortingsvalget i 2013.

En stor svakhet ved dagens gjeldsregister er at den kun omhandler usikret gjeld eller forbruksgjeld, og disse medlemmer fremhever behovet for å utvide gjeldsregisteret til å omfatte all gjeld, slik at man raskt og effektivt skal kunne fremstille et mest mulig helhetlig bilde av den enkelte lånsøkers gjeldsgrad.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om å utvide gjeldsregisteret slik at det inneholder all gjeld, senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2021.»

Disse medlemmer er bekymret over den høye husholdningsgjelden i Norge og utviklingen i forbrukslånmarkedet, der lån gis til kunder som ikke har betjeningsevne.

Disse medlemmer vil påpeke at bankene i dag har for vide rammer til å gi forbrukslån uten selv å ta risiko for tap, og viser til at gjeld blir solgt og videresolgt til inkassoselskaper før namsmannen får ansvar og kan arbeide med innkrevingen. Dette er godt dokumentert i Finanstilsynets rapport fra stedlige tilsyn i forbrukslånsbankene som ble lagt frem 10. mai 2019. Tilgjengeligheten til et effektivt namsmannsapparat, også for innføring av lån som er i strid med lov og forskrift, er med på å redusere bankenes risiko for tap.

Disse medlemmer mener det må vurderes tiltak slik at risikoen for tap ved lån som er innvilget i strid med lov og forskrift, i større grad må bæres av utlåner.

Disse medlemmer vil understreke at tilgangen til Finansklagenemnda er viktig, men at mange skyldne-

re ikke har de ressursene som skal til for å henvende seg dit for å få et lovstridig lån lempet. Forskrift om krav til finansforetakenes utlånspraksis for forbrukslån må derfor gjøres permanent, og disse medlemmer mener det samtidig må vurderes om det er behov for unntakskvoten på 5 pst.

Disse medlemmer påpeker videre at det må være et krav at finansforetakslovens bestemmelse om god forretningsskikk og forbrukslånsforskriften er etterlevet før kreditor kan benytte inkasso og inndrivning via namsmannen for å inndrive misligholdte lån. Disse medlemmer er positive til et kostnadstak som begrenser hvor høye de akkumulerte kostnadene ved et forbrukslån kan bli. Alle renter og gebyrer frem til lånet er nedbetalt samt kostnader som påløper som følge av mislighold, bør inngå, dette for å sikre at kreditor selv må dekke overskytende kostnader ved inndrivelse.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et lovforslag som sikrer at forbrukslånsbankene ikke kan selge forfalte forbrukslån og heller ikke benytte det offentlige innkreivingsapparatet hvis de ikke kan dokumentere at kravene for å innvilge lån var oppfylt.»

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag til Stortinget om et kostnadstak som beskytter forbrukere i betalingsvanskeligheter mot urimelig høye kostnader og en ukontrollert gjeldsvekst.»

Disse medlemmer viser til at usikrede forbrukslån ofte innebærer høye kostnader og i noen tilfeller langvarige og ødeleggende betalingsproblemer for låntakerne. Dette kan være en reell fattigdomsfelle og øke de økonomiske forskjellene.

Disse medlemmer viser til at det er innført rentetak på lån og kreditt i mange land i verden, blant disse flere EU-land. Rentene som enkelte aktører i dag tar for usikret gjeld i Norge, er uforholdsmessig høye og rammer spesielt dem med dårligst betalingsevne. Disse medlemmer viser til at det ofte er sårbare grupper som har større tendens enn gjennomsnittsnordmannen til å ta opp forbrukslån.

Disse medlemmer vil understreke behovet for å redusere folks risiko for mislighold og gjeldsproblemer, og viser til at en utredning fra EU i 2010 viste at et rentetak kan redusere tilgang på kreditt, særlig blant lavinntektsgrupper.

For å hindre at lån blir gitt til personer med dårlig betalingsevne, mener disse medlemmer at det må igangsettes en utredning av et rentetak knyttet til lån uten krav om sikkerhet, med mål om å avskjære leverandørene av de verste kredittproduktene.

Disse medlemmer synes det er positivt at regjeringen har gjennomført noen tiltak for å demme opp for

noen av problemene med forbrukslån. Samtidig er det uheldig at viktige virkemidler, som for eksempel rentetak, ikke innføres. Disse medlemmer har merket seg at det er innført rentetak på lån og kreditt i mange land i verden, herunder i 14 EU-land, senest i Sverige (SOU 2016:68) og Finland. Rentetak vil ha den virkningen at det ikke lenger vil være lønnsomt for bankene å gi lån til de personene som har høyest kredittrisiko, det vil si den gruppen som står i størst fare for å få betalingsvansker og på lengre sikt omfattende gjeldsproblemer. Med andre ord er rentetak et målrettet virkemiddel. Organisasjoner som Forbrukerrådet, Huseiernes Landsforbund og Gjeldsofferalliansen har tatt til orde for å innføre rentetak i Norge. Også krefter innad i bransjen anbefaler dette.

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2021 legge frem et forslag om innføring av rentetak i Norge på omtrent samme nivå som det finske rentetaket.»

Disse medlemmer er bekymret over det økende omfanget av saker som innbefatter svindel med BankID. Dette gjelder tilfeller der folk har fått misbrukt sin BankID gjennom identitetstyveri, og tilfeller med svindel i nære relasjoner, der ektefelle/samboer har misbrukt den andres BankID til å inngå kredittavtaler i dennes navn. I begge tilfeller er det den som har blitt svindlet, som har hatt ansvar for å tilbakebetale lånene, noe som har bidratt til at folk havner i økonomisk ufare. Disse medlemmer understreker viktigheten av at bankkunder er trygge på at deres personopplysninger ivaretas på en god måte og at bankene må ta større ansvar for å sikre dette.

Disse medlemmer viser til at Justis- og beredskapsdepartementet for to år siden hadde et utkast til ny finansavtalelov på høring, med høringsfrist desember 2017, der det blant annet ble foreslått at misbruk av BankID skal dekkes av banken, så lenge misbruket ikke kunne ha blitt oppdaget i forkant. Det ble også foreslått at forbrukernes stilling skulle styrkes ved at en større del av bevisbyrden skulle legges over på bankene. I dag er det nesten utelukkende opp til forbruker å bevise sin uskyld.

Disse medlemmer mener at bankene i større grad må stilles til ansvar når de gir lån, og at det haster med å få ny finansavtalelov til behandling i Stortinget.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet etterlyser samtidig fremdriften i regjeringens arbeid med å få på plass eID og viser til anmodningsvedtak 519 (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen på egnet måte komme tilbake med en plan for utstedelse av våpenkort og pass i den nye tjenestestrukturen, som sikrer en god balanse mellom kvalitet, sikkerhet og brukertilgjengelighet.»

Disse medlemmer vil trekke frem at etablering av eID kan bidra til å styrke forbrukersikkerheten, dersom denne utformes for også å svare på finansnærings utfordringer. Disse medlemmer viser til at eID opprinnelig skulle bli lansert i 2016.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil trekke frem viktigheten av en ordning med fri rettshjelp, slik at de som ikke har ressurser kan få prøvd sine saker og hevdet sine rettigheter i rettsystemet. Rettsikkerheten i Norge er under press, noe som spesielt har kommet til syne i trygdeskandalen høsten 2020.

Disse medlemmer viser også til at rettsikkerhet er et skjevfordelt gode i Norge og at rettsikkerheten til en borger påvirkes av hvor stor lommeboka er.

Disse medlemmer viser til at ordningen med fri rettshjelp er et av de få tiltakene som finnes for å sikre tilgang til nødvendig juridisk hjelp til personer som ellers ikke har muligheter til å skaffe seg det. Inntektsgrensene for ordningen er ikke prisjustert siden 2009, og dagens grense på 246 000 kroner gjør at få personer i dag oppfyller kriteriene. Eksempelvis vil en enslig person som lever på minstesatsen for uføretrygd, i dag mota 247 000 kroner, og vil dermed ikke tilfredsstille kriteriene for fri rettshjelp.

Disse medlemmer mener risikoen for å bli tilkjent betydelige saksomkostninger i en sivil sak er en utfordring for rettsikkerheten til vanlige folk, og det er behov for å iverksette tiltak for å redusere saksomkostningene ved konfliktløsning i domstolene. Dette handler ikke bare om fri rettshjelp og sakførsel for den med svært lav inntekt. Det handler om vanlige folk, vanlige tvister og vanlige saker.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser til Arbeiderpartiets forslag i Dokument 8:152 S (2017–2018) om å styrke folks rettsikkerhet slik at de som har rett, kan få rett, og at det er behov for en ny rettshjelpsmodell. Forslaget handlet om å sikre flere bedre rettshjelp ved blant annet utvidet anvendelsesområde, graderte egenandeler og heving av inntektsgrensen.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti mener at kredittmarkedet byr på store uløste samfunnsproblemer. Disse medlemmer viser til at den usikrede forbruksgjelden i Norge nå utgjør mer enn 10 mrd. kroner, og ca. halvparten av denne summen er kredittkortgjeld. I inkassobransjen har man vært vitne til en gigantisk og

skremmende økning i antall saker, som tyder på at nordmenn har store problemer med å betale tilbake gjelden. I tillegg er utviklingen i antall saker om ID-tyveri og svindel skremmende, samtidig som bankkundernes og forbrukernes rettslige vern er altfor dårlig. Disse medlemmer mener at det er på høy tid å gå kraftigere til verks for å løse disse problemene, fordi dagens system åpner for at ressurssterke aktører kan utnytte mennesker i sårbare situasjoner.

Disse medlemmer mener at man må gjøre mer for å snu trenden i utviklingen av forbrukslån og forbrukskreditt. Som regjeringen selv påpeker i meldingen, skal ikke sårbare forbrukere bli fristet til å ta opp dyr kreditt som senere vil sette dem i en økonomisk vanskelig situasjon. De peker også på at det er grunn til å se den kraftige veksten i usikret kreditt i sammenheng med den omfattende markedsføringen. Forbrukertilsynet har rapportert at omfanget og presset i markedsføringen heller ikke har blitt mindre etter forskriften som kom i januar 2019. Dette medlem mener derfor at det er to viktige tiltak som må gjøres for hindre dette. Det ene er å gjøre kreditt billigere, og det andre er å fjerne forbrukslånbankenes mulighet til å markedsføre slike kreditter og lån.

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget senest våren 2021 med et forslag om å forby markedsføring av forbrukslån og forbrukerkreditt.»

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om å innføre rentetak på forbrukslån og kreditt.»

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti mener at situasjonen i inkassobransjen den siste tiden har vært ute av kontroll. Dette medlem er glad for at det i januar kom nytt forslag til inkassolov som senker salærsatsene på små krav betydelig, og som innebærer et sterkere vern av forbrukerne. Dette medlem mener imidlertid at salærsatsene på større krav også må begrenses. I denne anledning vil dette medlem vise til Sosialistisk Venstrepartis forslag i Dokument 8:97 S (2018–2019) om mer rettferdig inkasso og ulike tiltak for hindre at flere havner i gjeldsfeller, hvor det foreslås å regulere inkassobransjen enda kraftigere.

Dette medlem viser til at man har et nytt stort problem som utarter seg i tilknytning til kredittmarkedet. Antall personer som utsettes for ID-tyveri og svindel gjennom nettbank, øker dramatisk. Det rapporteres om at rettsvesen og forliksråd oversvømmes av saker. E24 kunne melde at de siste to årene har over 100 000 personer blitt utsatt for ID-tyveri. Det er svært problematisk i seg selv, men det blir enda verre når dagens fi-

nansavtalelov ikke sikrer kundene og forbrukerne tilstrekkelig rettslig vern. Det fleste sakene i rettsvesenet handler om at banken til offeret for ID-tyveriet saksøker offeret og krever tilbake pengene som har blitt svindlet. E24 kan også melde at i de aller fleste sakene vinner banken frem, og den som har blitt svindlet for mange hundretusen, må betale tilbake dette til banken.

Dette medlem mener dette er totalt uakseptabelt og at det haster veldig med å få styrket kundenes og forbrukernes vern. Dette medlem påpeker at forslaget til ny finansavtalelov som kom for snart 2,5 år siden, ville betydd et større rettslig vern, og mest sannsynlig hindret at mange ofre må stå som erstatningspliktig. Dette medlem viser videre til at selv om de fleste eksperter mente at forslaget var godt, møtte det massiv mostand og mobilisering fra finansbransjen. Dette medlem er bekymret for at grunnen til at regjeringen ikke har kommet til Stortinget med forslag til ny finansavtalelov, er at de ikke vil komme på kant med finansbransjen. Dette medlem synes dette er svært uansvarlig med tanke på hvor mange som i mellomtiden har blitt offer, og som per dags dato i praksis straffes dobbelt ved å stå som erstatningspliktig for svindel og tyveri de selv har blitt utsatt for.

11. Forbrukerutfordringer på boligmarkedet

11.1 Sammendrag

11.1.1 Oversikt

Norske bustadprisar har auka kraftig over fleire år. Utviklinga i bustadprisar og gjeld heng tett saman og kan forsterke kvarandre. Ein sterk vekst i bustadprisane over mange år har gjort det stadig dyrare å komme inn på bustadmarknaden. Samstundes har gjelda i hushalda auka meir enn inntektene. Ei høg og aukande gjeld i hushalda set både enkeltforbrukarar og økonomien som heilskap i ein sårbar situasjon. Regjeringa jobbar kontinuerleg med tiltak som skal vere med på å sikre forsvarlege låneopptak og ein trygg bustadøkonomi.

For å redusere risikoen ved høg gjeld i hushalda og høge eigedomsprisar har det i seinare år blitt innført ei rekkje tiltak.

Bustadlånforskrifta blei fastsett fyrste gong i 2015. Ho set enkelte rammer for utlånspraksisen til bankane og kan vere med på å sikre at færre hushald hamnar i ein sårbar gjeldssituasjon. Ifølgje forskrifta kan eit lån med pant i bustad ikkje overstige 85 pst. av bustadsverdien. Bankane må i tillegg ta høgde for ein renteauke på fem prosentpoeng ved vurderinga av kredittevna til kunden. Då forskrifta blei ført vidare frå januar 2017, blei det samstundes innført eit krav om at kunden ikkje kan ha ei samla gjeld på meir enn fem gonger årsinntekta. Krava i forskrifta har gjort det vanskelegare å ta opp bustadlån som er sær høge samanlikna med eigenkapital

og inntekt. Samstundes opnar forskrifta for at bankane kan gi unntak frå eitt eller fleire krav i forskrifta for ein viss del av låna som blir innvilga.

